# Bygland kommune




# Budsjett 2017
# Økonomiplan 2017-2020

## Vedteke dokument

**Kommunestyret PS 89/16, den 14.12.2016**

# FORORD

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017 – 2020. Framlegget bygger på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2016– 2019, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Utviklinga i kommunen sine inntekter har vore negativ frå 2012. Den negative folketalsutviklinga gjennom mange år har ført til nedgang i inntekter frå skatt og rammetilskot. Dei kraftbaserte inntektene viser også ein klar nedgang. I budsjettet for 2015 var kommunen i ein situasjon der det ikkje lenger var nok å nytte ostehøvel for å få budsjettet i balanse. Budsjettet vart som kjent saldert med bruk av fond. I budsjettet for 2015 vart det vedteke å redusere budsjettramma for 2016 med 8 millionar for at budsjettet for 2016 kunne salderast utan bruk av fond.

I budsjettet for 2017 oppstår noko av den same situasjonen på nytt. Dei kraftbaserte inntektene vert kraftig redusert og mottaket vert lagt ned med verknad frå 1.12.2016. Det oppstår på nytt ein ubalanse på om lag kr 4.000.000,- mellom inntekter og utgifter i budsjettet for 2017.

På same måte som i 2015 tek ein sikte på å gjennomføre ein prosess for å få budsjettet for 2018 i balanse. Kommunen sin administrasjon må saman med dei tillitsvalde kome fram til eit opplegg der dei negative konsekvensane for tenestene til innbyggarane i kommunen skal bli minst mogeleg, og at ein så langt som råd skal unngå å seie opp fast tilsette i kommunen. Så er det opp til kommunestyret å ta stilling til dei konkrete kuttframlegga i juni 2017.

Det har vore arbeidd konstruktivt med næringsutvikling i kommunen i 2016. Dei største sakene er Ose Water og Hovatn Aust vindmøllepark. Det er i budsjettet for 2017 framlegg om å investere i nødvendig infrastuktur på Austad for legge til rette for den nye bedrifta.

Det er vidare positivt å registrere at det er mange bønder som vil satse på nybygging i jordbruket. Dette er svært viktig for den vidare utvikling i kommunen, både med omsyn til matproduksjon og halde kulturlandskapet i hevd. For å stimulere til dette er tilskotet til landbruket auka frå kr 200000 til kr 400000 kvart år.

Eit anna viktig tiltak i budsjettet er framtidig utvikling av Prestneset til framtidig bustadbygging og næringsutvikling. Det er viktig å legge til rette for bygging av attraktive bustader både for kommunen sine innbyggarar og innflyttarar.

Hausten 2016 vart den nye idrettshallen på Bygland opna. Det har skapt ny positiv aktivitet for unge og gamle i kommunen. Ein registrerer at hallen er mykje i bruk og vil auke livskvaliteten for folk i kommunen. Det vil også bidra positivt i forhold til folkehelse.

Rådmannen opplever at Bygland kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggarar, sjølv etter at driftsnivået er kraftig redusert. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orienterte mot utvikling. Det skjer mykje positivt, noko som gir grunnlag for å halde fram arbeidet med å løfte omdømmet til kommunen og våge å vere stolte av eigen kommune.

Til tross for mykje å glede seg over i 2016, er den største utfordringa for kommunen framleis den negative folketalsutviklinga. Dette gir reduserte inntekter og gjer det vanskeleg å oppretthalde eit godt tenestetilbod. På kort sikt er det særleg grunn til å vere bekymra for låge barnetal i aldersgruppa 2 til 6 år. Eg er viss på at både politikarane og administrasjonen tek denne utfordringa på alvor. Eg trur vi må utfordre kvarandre på å vere innovative for å finne tiltak som kan snu denne negative utviklinga.

Aasmund Lauvdal
rådmann

INNHALD

**FORORD** ..... 1

**DEL I. FRAMLEGG TIL INNSTILLING:** ..... 4

1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ÅRSBUDSJETT 2017 ..... 4
2. FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 ..... 5

**DEL II. GENERELLE KOMMENTARAR** ..... 5

1. FORMELLE FORHOLD VEDK. ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN ..... 5
*1.1. Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan* ..... 5
2. GENERELLE HOVUDLINER – SAMANDRAG ..... 6
*2.1. Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren* ..... 6
*2.2. Bygland kommune – hovudliner* ..... 6
*2.3. Investeringar og avsetningar* ..... 7
REGIONPLAN AGDER 2020 ..... 7
3. FOLKETALSUTVIKLING ..... 9

**DEL III. KOSTRA REKNESKAPSTAL 2015** ..... 10

*1. Finansielle nøkkeltal* ..... 10
*2. Prioritering* ..... 11
*3. Dekningsgrad* ..... 12
*4. Produktivitet/ einingskostnader* ..... 13
4. ØKONOMISK RAMME 2017 – 2020 ..... 13
*4.1. Kommunen sine driftsinntekter* ..... 13
4.1.0. Generelt ..... 13
4.1.1. Avgifter og betalingssatsar ..... 14
4.1.2. Skatt på formue og inntekt ..... 14
4.1.3. Eigedomsskatt ..... 15
4.1.4. Statlege rammeoverføringar ..... 15
4.1.5. Frie inntekter ..... 16
4.1.6. Andre statlege overføringar ..... 16
4.1.7. Konsesjonskraftinntekter ..... 17
4.1.8. Inntekter frå Agder Energi A/S ..... 17
4.1.9. Naturressursskatt ..... 18
*4.2. Kommunen sine driftsutgifter.* ..... 18
4.2.1. Løns- og prisvekst ..... 18
4.2.2. Pensjonsutgifter ..... 18
4.2.3. Rente- og avdragsbelastning ..... 18
4.2.4. Finansiering av investeringar ..... 19
4.2.5. Ubundne investeringsfond ..... 19
4.2.6. Konsesjonsavgifter og næringsfond ..... 19
4.2.7. Disposisjonsfond – drift ..... 20
4.2.8. Budsjettskjema 1A Driftsbudsjett ..... 21
5. INVESTERINGSBUDSJETTET. ..... 22
*5.1. Hovudoversikt Investeringar.* ..... 22
*5.2. Investeringar i anleggsmidlar for budsjettet 2017.* ..... 23
*5.3. Investeringar i økonomiplanperioden* ..... 26
*5.4. Utlån* ..... 29
*5.5. Finansiering av investeringsbudsjettet* ..... 29

**DEL IV. BUDSJETTRAMMER FOR DEI EINSKILDE RESULTATEININGAR** ..... 30

POLITISK STYRING ..... 31
RÅDMANNSKONTORET OG FELLESUTGIFTER ..... 33

KULTUR, BIBLIOTEK, BYGDEBOK, UNGDOMSKLUBB ..... 35
OPPVEKSTSEKTOREN I BYGLAND KOMMUNE ..... 37
*Bygland oppvekstsenter:* ..... *38*
*Byglandsfjord oppvekstsenter:* ..... *39*
RESULTATEINING: HELSE ..... 40
RESULTATEINING: NAV ..... 42
RESULTATEINING: PLEIE OG OMSORG ..... 44
RESULTATEINING: DRIFT OG FORVALTNING ..... 46
STØRRE PROSJEKT ..... 48
RESULTATEINING: EKSTERNE SAMARBEID ..... 48
RESULTATEINING: ANDRE SENTRALE INNTEKTER OG KOSTNADAR ..... 49
VEDLEGG ..... 50
BUDSJETTSKJEMA 1A. ØKONOMIPLAN ..... 50
BUDSJETTSKJEMA 1B. ØKONOMIPLAN ..... 51
BUDSJETTSKJEMA 2A. ØKONOMIPLAN ..... 52
BUDSJETTSKJEMA 2B. ØKONOMIPLAN ..... 53
BUDSJETTSKJEMA 1A. ÅRSBUDSJETT ..... 55
BUDSJETTSKJEMA 1B. ÅRSBUDSJETT ..... 56
ØKONOMISK OVERSIKT – DRIFT ..... 57
BUDSJETTSKJEMA 2A. ÅRSBUDSJETT ..... 58
BUDSJETTSKJEMA 2B. ÅRSBUDSJETT ..... 59
ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING ..... 60
PRIORITERTE HANDLINGSPLANAR - DRIFT OG FORVALTNING I 2017: ..... 61

# DEL I. FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

## 1. Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2017

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2017, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2017.

**Skattesatsar/ marginavsetning:**
Skatten for 2017 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2017 skal det skrivast eigedomsskatt på verk og bruk jf. Eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. Eigedomsskatten vert å fastsette til 7 o/oo.

**Kommunale avgifter og betalingssatsar:**
For 2017 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar: Det er minimum lagt til grunn ei basisauke lik prisauka innan kommunal drift på 2,5 %, med unntak av slamavgifta.

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)…… vert auka med 2,5 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.)… vert auka med 2,5 %
- Slamavgift……………………………….. vert ikkje auka
- Tilkoplingsavgift for vatn………………….. vert auka med 2,5 %
- Tilkoplingsavgift for kloakk………………. vert auka med 2,5 %
- Renovasjonsavgift hus…………………….. vert auka med 2,5 %
- Renovasjonsavgift hytte…………………..... vert auka med 2,5 %
- Feieavgift……………………………..…. vert auka med 2,5 %

Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til Gebyrregulativ 2017.

**Låneopptak:**
Det vert lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån til investering på ca. 8.178 millionar i 2017. Før ein tek opp nytt lån, vert ubrukte lånemidlar frå året før nytta. Ein kjem tilbake til konkret lånebehov for året i tertialrapport i 2017. Det vert ikkje søkt om å ta opp startlån i 2017.

**Andre forhold:**

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultateining:
   - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
   - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.

2. Rådmannen får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Rådmannen får fullmakt til å bruke av og avsette midlar til einingsfond.
4. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
5. Rådmannen får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskapet innanfor budsjett.

**Generelt:**
Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einskilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innafor netto driftsramme. Ut over dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i regionrådet før endeleg løyving vert fastsett. Budsjettert overføring til Setesdal regionråd er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltakarstøtta.

## 2. Framlegg til innstilling – økonomiplan 2017 – 2020

1. Økonomiplan for perioden 2017 - 2020 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2017 - 2020 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.

3. Enkeltsaker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkeltsaker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/ budsjett.

# Del II. Generelle kommentarar

## 1. Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan

### 1.1. Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan

Kommuneloven § 45 seier at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår. Årsbudsjettet er ein **bindande** plan for kommunen sine inntekter og utgifter i budsjettåret og bruken av desse.

Budsjett- og rekneskapsforskriftene set følgjande krav til ein kommune sitt årsbudsjett:

a. Det skal vere reelt, fullstendig og oversiktleg.
b. Budsjettet skal vere i balanse. Det er normalt ikkje høve til å budsjettere med rekneskapsmessig underskot.
c. Eventuelt rekneskapsmessig underskot skal førast til dekking i budsjettet seinast to år etter at det har oppstått.
d. Ved behandling av budsjettet skal det vurderast spesielt om det er behov for å styrke likviditeten ved å tilføre midlar til kommunen si kontantbehaldning.

Det budsjettet som vert lagt fram er eit samla administrativt forslag. Ein har forsøkt å legge opp til mest mogleg open budsjettprosess med resultateiningane. Alle resultateiningane har kome med viktige innspel til arbeidet, og rådmann/økonomileiar har hatt møte med alle desse.

Kommuneloven § 44 gjev det lovmessige grunnlaget for økonomiplanen:

> **"§ 44.** *Økonomiplan.*
> 1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
> 2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
> 3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
> 4. I økonomiplanen skal det for kvart enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
> 5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
> 6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
> 7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
> 8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering."

Reint praktisk har ein delt denne saka i fylgjande to dokument:

Dokument – Rådmannen si innstilling med kommentarar til både årsbudsjett og økonomiplan.
Vedlegg – Hovudoversikter for årsbudsjettet samt hovudoversikter for økonomiplanen.

## 2. Generelle hovudliner – samandrag

### 2.1. Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren

I budsjettframlegget frå Solberg-regjeringa er det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter til kommunane på kr 3,625 mrd. Demografikostnadene utgjer om lag kr 2 mrd. og auka pensjonsutgifter utgjer om lag 0,75 mrd. På landsbasis er det ei satsing innafor veksten av frie inntekter på 0,6 mrd. Dette er ikkje øyremerka tiltak, men satsingsområde innafor statsbudsjettet. Totalt vil det på landsbasis vere eit handlingsrom på kr 0,2 mrd. for kommunane samla.

Frå 2016 til 2017 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 2,1 % i forhold til "RNB-nivå". Dette vil seie ein negativ realvekst på om lag 0,4 %. Dette er ein stor nedgang frå 2016 då vi hadde ein positiv realvekst på 1,5 % frå 2015 nivå.

### 2.2. Bygland kommune – hovudliner

Bygland kommune har starta og gjennomført store investeringar dei siste åra. Dette har ført til at kommunen sine ubundne investeringsfond er reduserte og lånegjelda er høg.

I 2017 er investeringane hovudsakleg knytta til drift og forvaltning inkludert VARF- området ( vatn, avlaup, renovasjon og feiing ), ein del mindre prosjekt og sluttføring av flyktningbustaden i Rindane. Nokre av prosjekta er ei vidareføring av prosjekt som starta i 2016, men ikkje fullførde eller forskyvde grunna andre prioriteringar.

Dei ordinære driftsrammene til resultateiningane er i økonomiplanen justert for den sentrale lønsauka, føringar i statsbudsjettet og særlege forhold som er kommentert i budsjettet.

For 2017 er eigedomsskatten vesentleg redusera frå 2016-nivå. Ein mindre del av reduksjonen skuldast dei låge kraftprisane dei siste 5 åra, samt omlegging i skattenivået nasjonalt. For Bygland sin del, utgjer den største reduksjonen ei endring i fordelingsnøkkelen som er utrekna av Sentralskattekontoret. Bygland kommune har hatt ein reduksjon i inntekta frå eigedomsskatt på kraftverk tilsvarande 22,2 %

Dei låge straumprisane reduserer også inntekta frå sal av konsesjonskraft utover økonomiplanperioden.

Asylmottaket i Bygland vert lagt ned med verknad frå 1.12.2016. Dette får store negative økonomiske konsekvensar for kommunen i 2017 då det ikkje er mogleg å bygge ned tenestetilbodet tilsvarande inntektsreduksjonen.

Netto budsjettframlegg for drifta i 2017 balanserer med inntekter og utgifter på kr 105.574.000,-. I tillegg utgjer investeringsbudsjettet i anleggsmidlar kr 10.758.000,-.

Budsjett 2017 er lagt fram som eit budsjett med meirforbruk. Ein har balansert budsjettframlegget ved å nytte overføring frå disposisjonsfondet på kr 3,988 mill. Dette viser ein ubalanse i økonomien der utgiftene er større en inntektene. I 2017 må ein gjennomføre ein prosess med mål å leggje fram eit budsjett i balanse utan bruk av fondsmidlar i 2018. Dette vil bli lagt fram som eiga sak for kommunestyret før sommaren 2017. Det er allereie no starta ein prosess for å få budsjett 2018 i balanse. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit positivt netto driftsresultat på minimum 1,75% for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014).

Dersom det vert aktuelt å utvide skattegrunnlaget for eigedomsskatt for 2017, eller seinare i økonomiplanperioden må det bli handsama som eiga sak i kommunestyret.

### 2.3. Investeringar og avsetningar

Det er i 2017 lagt inn investeringar i anleggsmidlar på kr 10,758 mill. Dei største tiltaka er bygging av ambulansestasjon med garasje til ambulanse og heimesjukepleien på Bygland til ca. kr 2,8 mill., bygginga av reinseanlegg på Austadneset til kr 2,8 og sluttføring av flyktningbustad på kr 1,4 mill. Utover det er det mange små investeringar. Enkelte av prosjekta er starta i 2016 og blir sluttførte i 2017.

# Overordna mål

## Slagord: "Med hjarta i Bygland"

## Overordna mål: Auke folketalet i Bygland kommune

Ut i frå overordna mål skisserer vedteken Kommuneplan 2011- 2022, Kommunestyrevedtak 22.02.11, vegen vidare for å nå dette målet.

Bygland i Noreg:
- Stimulere til å vise toleranse og vere open for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit nasjonalt og globalt perspektiv
- Styrke profileringa av Bygland som ein god stad å bu
- Styrke satsinga på barn, ungdom og unge barnefamiliar

Bygland i Agder:
- Styrke busettinga i heile kommunen
- Skape tru på innovasjon og utvikling
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- Utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar

Heime i Bygland:
- Skape attraktive miljø i kommunen ved å fremje ei berekraftig utvikling
- Ha eit teneste- og servicetilbod som har særskilt merksemd på dei unge sine behov; slik som symjehall, idrettslag og ungdomsklubb
- Satse på å få ungdommen heim att
- Sørgje for god trafikksikring i bustadområde og langs skuleveg
- Helseteneste med merksemd på behova hos familiar med barn og ungdom

## Regionplan Agder 2020

Fylkestinga i Aust- og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane. I regionplan Agder 2020 er det formulert 5 hovudmål mot 2020.

**«Regionplan Agder 2020 er en videreføring av Agderrådets strategiske dokument "Felles mål for Sørlandet 2003-2010" og har erstattet denne. For å gi planen størst mulig gjennomslagskraft, er det etablert et likeverdig samarbeid mellom de to fylkeskommunene»**

Hovedmålet i regionplanen er å utvikle en sterk og samlet landsdel som er attraktiv både for bosetting og næringsutvikling. Planen er først og fremst en prioritering av av viktige mål. For å synliggjøre dette, beskriver planen fem målbilder for Agder 2020, som samfunnsbeslutninger kan måles opp mot:

- Mål 1: Klima: Høye mål - lave utslipp

I 2020 har Agder posisjonen som en internasjonalt ledende region for klimavennlig produksjon og distribusjon av fornybar energi. Dette skjer ved utbygging av ny fornybar energi og tilrettelegging for kraftutveksling som gir økt leveranse av miljøvennlig energi til kontinentet. Den eksportrettede industrien på Agder framstår som et globalt forbilde gjennom høy innovasjon når det gjelder klimavennlige produksjonsprosesser og effektiv energibruk. Klimahensyn er et overordnet krav i alle regionale og lokale samfunnsbeslutninger.

- Mål 2: Det gode livet: Agder for alle

I 2020 er Agder preget av tilflytting og betydelig sterkere vekst i folketallet enn landsgjennomsnittet. I tillegg til at vi tiltrekker oss ny kompetanse og nødvendig arbeidskraft, har vi hatt en vesentlig nedgang av unge på uføretrygd, arbeidsledigheten er under landsgjennomsnittet og en økende andel av befolkningen har høyere utdanning. Samtidig har andelen yrkesaktive kvinner økt markert de siste 10 årene. Agder skiller seg ikke lenger negativt ut på levekårsindeksen og likestillingsindeksen.

- Mål 3: Utdanning: Verdiskaping bygd på kunnskap

I 2020 har det regionale kunnskapsløftet gitt betydelige resultater. Gjennom målrettet arbeid på tvers av kommunegrenser og forvaltningsnivåer har Agder lyktes med å heve kvaliteten på alle utdanningsnivåer – fra barnehager til universitetet. Alle som trenger barnehageplass får det, grunnskole-resultatene er over landsgjennomsnittet, frafallet i videregående skole er vesentlig redusert og universitetet gjør seg bemerket både nasjonalt og internasjonalt. Satsingen på økt kompetanse og samarbeid har bidratt til framvekst av en rekke nye gründerbedrifter og et næringsliv som hevder seg i tøff internasjonal konkurranse.

- Mål 4: Kommunikasjon: De viktige veivalgene

I 2020 kan vi konstatere at åpningen av den nye firefeltsveien mellom Grimstad og Kristiansand i august 2009 var startskuddet for en vellykket samferdselssatsing på Agder. Arbeidet med en sikker motorvei gjennom hele Agder er godt i gang. Utbedring av fylkesveiene har fått et løft, og målrettet trafikksikkerhetsarbeid har gitt positive resultater med reduksjon i de mest alvorlige trafikkulykkene. Kjevik har fått en rekke nye utenlandsruter og er en flyplass som dekker regionens behov, og som er godt rustet for å håndtere ytterligere vekst. Skipstrafikken har økt og det er en naturlig arbeidsdeling mellom havnene i landsdelen. Sikkerheten er ivaretatt ved at det er etablert en fast slepebåtberedskap. Arbeidet med sammenkobling av Vestfoldbanen og Sørlandsbanen er i gang. Kollektivtrafikken har hatt en markert vekst.

- Mål 5: Kultur: Opplevelser for livet

I 2020 preges det regionale kulturlivet preget av mangfold og skaperkraft. Det er skapt en rekke nye arbeidsplasser i kulturbasert
næring. Kultursatsingen har skapt trivsel, styrket den regionale identiteten og bidratt til å gjøre landsdelen enda mer attraktiv.
Kulturbygg som Kilden i Kristiansand og Buen i Mandal har hatt betydelige ringvirkninger i forhold til både byutvikling og livskvalitet. Festivalmangfoldet i Agder er større enn noensinne, samtidig som de største musikkfestivalene har blitt nasjonale begivenheter med helårsdrift og god økonomi. De regionale museumssatsingene har ført til markert publikumsvekst og både
kultur- og idrettsliv har gode vilkår, blant annet gjennom nye og moderne anlegg en rekke steder i regionen.»

# Folkehelsearbeid i Bygland kommune

«§ 4.Kommunens ansvar for folkehelsearbeid
Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.
Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

## Verdiar i Bygland kommune

Bygland kommune har følgjande verdiar:

- Stolt
- Framsynt
- Løysingsorientert
- Truverdig
- Lojal

## 3. Folketalsutvikling

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

| 01.01.01 | 01.07.09 | 01.07.10 | 01.07.11 | 01.07.12 | 01.07.13 | 01.07.14 | 01.07.15 | 01.07.16 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 341 | 1 247 | 1 245 | 1 236 | 1 214 | 1 202 | 1 173 | 1 224 | 1 211 |

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansetning i folketalet:

| | 01.01.2001 | 01.07.2011 | 01.07.2012 | 01.07.2013 | 01.07.2014 | 01.07.2015 | 01.07.2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0-5 år: | 90 | 63 | 55 | 60 | 52 | 58 | 58 |
| 6-15 år: | 181 | 158 | 160 | 151 | 135 | 144 | 135 |
| 16-66 år: | 844 | 816 | 806 | 800 | 776 | 796 | 795 |
| 67-79 år: | 134 | 137 | 138 | 129 | 144 | 160 | 157 |
| 80-89 år: | 81 | 46 | 39 | 45 | 52 | 45 | 51 |
| Over 90 år: | 11 | 16 | 16 | 17 | 14 | 21 | 15 |
| **SUM:** | **1 341** | **1 236** | **1 214** | **1 202** | **1 173** | **1 224** | **1 211** |

Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07. året før. I dette budsjettet har ein lagt til grunn ein prognosemodell frå Telemarksforskning basert på oppdatert folketal per 01.07.16. Dette talet kan avvike frå SSB sine tal.

Ein ser at den auka i folketalet som var inne i budsjettåret 2016 på ny er redusert Ein knytta auka i hovudsak til oppstartinga av asylmottaket. No vert mottaket lagt ned att og ein reknar at noko av nedgangen kan knytast til dette. Ser ein folketalet over tid er kommunen på ny inne i ei negativ utvikling i folketalet. For å illustrere dette har vi tatt inn ei oversikt som viser alderssamansettinga i kommunen 01.01.01 samanlikna med samansettinga i dag. Samla folketal har på 15 år gått ned med 130 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 9,69%. Det mest alvorlege i denne oversikta er reduksjonen i aldersgruppa 0-5 år som er redusert med 32, frå 90 til 58 innbyggarar, og aldersgruppa 6-15 år som er redusert med 46 personar. Dette utgjer ein reduksjon på 25,41 %

over 15 år. Summen av denne endringa i demografi fører til ein kraftig reduksjon i inntekter (skatt/ rammetilskot). I tillegg til dette er kommunen forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 40-50 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen.

**Utvikling framover:**
Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/ døde og

tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustadtomter i kommunen og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen.

# Del III. Kostra rekneskapstal 2015

**Innleiing**
Kostra rekneskapstal for 2015 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar.
Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane er nytta tal frå Bygland kommune, Valle kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 6 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 6: "Små kommunar med høye bundne kostnader per innbyggar, høye frie disponible inntekter". Kommunegruppe 6 er det beste samanlikningsgrunnlaget.

I Agder, Telemark og Rogaland inngår følgjande kommunar i Kommunegruppe 6:
Fyresdal kommune, Åseral kommune, Forsand kommune, Kvitsøy kommune og Bokn kommune.

**1. Finansielle nøkkeltal**

| **Kostra rekneskapstal**<br>KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune | Bygland 2015 | Iveland 2015 | Valle 2015 | KG06 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Finansielle nøkkeltall** | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -2,2 | -6,8 | -2,2 | 0,7 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 3,9 | 1,7 | 1,6 | 3,3 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | 69594 | 64730 | 66957 | 69891 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 253,3 | 151,7 | 224,9 | 219 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter | 39,6 | 41,8 | 26,3 | 26,6 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | 81561 | 30506 | 94109 | 73971 |

**Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**
Indikatoren viser differansen mellom brutto driftsinntekter og brutto driftsutgifter i prosent av driftsinntektene. Avskrivingar, som er eit uttrykk for verdiforringinga på kommunale anleggsmidlar, blir førte i driftsregnskapet, men blir eliminert før rekneskapsmessig resultat blir fastsett. I indikatoren brutto driftsresultat gis midlertidig avskrivingane resultateffekt, og kan dermed bli brukt for samanlikning med det resultatorienterte regnskapssystem, som primært blir brukt i privat næringsliv.

I resultatbegrepet brutto driftsresultat er avskrivingar med som utgiftspost og den berekna verdiforringinga av kommunane sine anleggsmidlar er dermed også tatt med. Avskrivingane har ikkje reell resultatverknad for kommunane, og er eliminert før netto driftsresultat.

**Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**
Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto

avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak, og er i tillegg korrigert for avskrivingar slik at disse ikkje gis resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare bruk. Dette vert rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014).

**Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter**
Indikatoren syner langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til disse. Lån berekna for vidare formidling til andre instansar/innbyggarar, såkalte formidlingsutlån, inngår og i indikatoren. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år.

**Netto lånegjeld i kroner per innbyggar**
Netto lånegjeld i er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktelsar), med fråtrekk for totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne midlar). Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsregnskapet, i tillegg til innlån som vert førd som avdrag i driftsregnskapet.

**Kommentar:**
Tabellen viser at Bygland kommune hadde eit netto driftsresultat rett over snittet for Kommunegruppe 6. Regnskapet for 2015 vart eit godt år for Bygland kommune, der mykje gikk rett veg. Ein knytter det gode resultatet mykje opp mot m.a. pensjonskostnadar og rentekostnadar. Både Iveland og Valle hadde eit netto driftsresultat rett under 1,75 %, som er tilrådd nivå for god kommuneøkonomi. Kommunegruppe 6 hadde i snitt eit resultat godt over tilrådinga.

Tabellen viser vidare at Bygland kommune har høg gjeld i høve til brutto driftsinntekter. Dette er ein del høgare enn Valle kommune og Kommunegruppe 6. Iveland kommune ligg vesentleg lågare med 140,9 %. Bygland kommune har i 2015 også tatt opp eit vesentleg lån til bygging av idrettshall med anna, som vil gje utslag for neste års statistikk. Dette er den mest relevante samanlikninga av gjeld mellom ulike kommunar.

Elles ligg Bygland kommune høgare enn Kommunegruppe 6 i netto lånegjeld i kroner per innbyggar.

**Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid:**

| Bygland | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Finansielle nøkkeltall | | | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -3,9 | -2,6 | -5,5 | -10 | -1,4 | -4,6 | -1,4 | -9,1 | -2,2 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 2,8 | 5,1 | 3,5 | -1,5 | 6 | 1,7 | 5,2 | -1,8 | 3,9 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | 46258 | 48893 | 54079 | 54970 | 62403 | 66063 | 68249 | 69828 | 69594 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 191,7 | 196,6 | 202,1 | 212,8 | 203,3 | 201,1 | 214,1 | 241 | 253,3 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter | 34,3 | 47 | 35,7 | 28,1 | 28,8 | 23,2 | 30,2 | 36,2 | 39,6 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | 43456 | 46644 | 55736 | 57986 | 57229 | 56466 | 60578 | 60945 | 81561 |

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 9 siste åra.

**2. Prioritering**

| **Kostra rekneskapstal**<br>KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune | Bygland 2015 | Iveland 2015 | Valle 2015 | KG06 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritering** | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | 144 348 | 165 670 | 192 617 | 134 836 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbygger 6-15 år | 167 927 | 167 344 | 160 544 | 161 165 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten | 4 367 | 2 707 | 8 524 | 5 057 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten | 28 799 | 15 620 | 29 783 | 27 694 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år | 2 645 | 3 723 | 4 217 | 3 292 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten | 15 289 | 5 405 | 7 891 | 13 655 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb. | 11 566 | 9 902 | 14 597 | 11 171 |

Tabellen viser at Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbyggar. Her spelar innbyggartalet inn. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på, samt at dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar virke som kostnadsdrivande for kommunen. Bygland har høgare netto driftsutgifter til barnehage enn Kommunegruppe 6, men lågare enn Valle kommune og Iveland kommune. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er ganske likt med Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane.

Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta er litt lågare enn nivået i Kommunegruppe 6. Iveland kommune ligg mykje lågare, medan Valle kommune ligg mykje høgare.
Utgiftene til pleie og omsorg er reduserte kraftig frå 2014, og ligg så vidt høgare enn Kommunegruppe 6. Vi ligg lågare enn Valle kommune, men mykje høgare enn Iveland.
Netto driftsutgifter til sosialtenesta ligg lågare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane. Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg høgare i Bygland kommune enn Kommunegruppe 6, vesentleg høgare enn Iveland og Valle kommune. Dette er knytta opp mot saker innafor barnevernet.
Netto driftsutgifter til administrasjon ligg nå ned mot snittet for Kommunegruppe.

**3. Dekningsgrad**

| **Kostra rekneskapstal**<br>KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune | Bygland 2015 | Iveland 2015 | Valle 2015 | KG06 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 113 | 95,3 | 91,5 | 89,2 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 7,9 | 10,8 | 5,9 | 10,4 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 20,3 | 10,5 | 31,3 | 18,4 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 6,5 | 13,4 | 13,4 | 12,6 |
| Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år | .. | .. | .. | .. |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | 100 | 90 | 100 | 96,7 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | 23,3 | 17,6 | 21,5 | 17 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 3,2 | 3,9 | 7,4 | .. |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år | 4,8 | 3,4 | 6,7 | : |
| Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb. | 17 | 38 | 169 | 141 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere | 27 | 21 | 40 | 36 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere | 0,48 | 0,48 | 0,48 | .. |

Bygland kommune har veldig god dekningsgrad i forhold til barn med barnehageplass. At talet ligg over 100 %, skuldast at born utan adresse i kommunen blir gjeve tilbod om barnehageplass i kommunen, til dømes born frå Senum som går i barnehagen på Byglandsfjord. Det er verd å merke seg at Bygland kommune ikkje lenger har ein høg del barn i grunnskulen som får spesialundervisning. Dette er ein ytterlegare reduksjon frå 2014 talet på 9.

Bygland har saman med Valle ei veldig god legedekning med over 2 årsverk per 1.000 innbyggar. Derimot ligg vi veldig lågt på årsverk til fysioterapi i kommunen.

Innbyggarar over 80 år som bur på institusjon er redusert for Bygland kommune. Med lågt tal på innbyggarar, kan få personar gjere store utslag på statistikken. I Bygland tilbyr ein alle bebuarane i pleie- og omsorgsinstitusjonar enkeltrom.

Som nemnt tidlegare ligg Bygland kommune lågt på sosialhjelpsmottakarar. Dette er tal som fort kan snu seg. Tabellen syner at talet på årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbyggar er lik for Bygland, Iveland og Valle. Dette er ei lik fordeling av det interkommunale samarbeidet på brann.

Ut over dette viser ein til tabellen.

### 4. Produktivitet/ einingskostnader

| Kostra rekneskapstal<br>KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune | Bygland 2015 | Iveland 2015 | Valle 2015 | KG06 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet/enhetskostnader** | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage | 159 308 | 205 663 | 244 605 | 176 440 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev | 151 876 | 171 573 | 154 818 | 163 440 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn | 10 | 10 | 8 | 9 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | 206 049 | 121 418 | 202 302 | 225 647 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 731 214 | 753 632 | 1 267 150 | 1 062 778 |
| Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1) | 3 126 | 3 684 | 3 190 | 4 057 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) | 7 800 | 5 511 | 3 190 | 3 792 |
| Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) | 3 022 | 2 813 | 3 232 | 3 080 |
| Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager | 77 | .. | 180 | .. |
| Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager | .. | 57 | 143 | .. |
| Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate | 47 939 | 83 538 | 137 394 | 93 428 |

Tabellen viser produktivitet/ einingskostnader på ulike område.

Ein ser av oversikten at kommunen driv relativt kostnadseffektivt på dei fleste områda samanlikna med kommunegruppa og dei andre to kommunane. Vi ligg anten rett i nærleiken av snittet av tilsvarande kommunar, eller under. Ein vil spesielt peike på utgifter til institusjon per kommunale plass, der ein driv vesentleg billigare enn kommunegruppa og Valle kommune. Dette talet har betra seg dei siste åra sett opp mot auka i kommunegruppa.
Dessverre så ligg dei kommunale gebyra for avlaupstenesta høgt i kommunen. Dette er i stor grad knytta til dei geografiske utfordringane som ligg i ein langstrakt kommune med få innbyggarar å fordele kostnadane på.

## 4. Økonomisk ramme 2017 – 2020

### 4.1. Kommunen sine driftsinntekter

| Driftsinntekter (Tall i 1000 kroner) | *Budsjett 2017* | *Budsjett 2016* | *Regnskap 2016* |
|---|---|---|---|
| Brukerbetalinger | -4 541 | -4 840 | -5 521 |
| Andre salgs- og leieinntekter | -12 130 | -12 837 | -12 836 |
| Overføringer med krav til motytelse | -9 667 | -12 220 | -17 115 |
| Rammetilskudd | -59 975 | -58 130 | -56 615 |
| Andre statlige overføringer | -6 463 | -6 155 | -4 704 |
| Andre overføringer | -4 130 | -4 196 | -4 816 |
| Inntekts- og formuesskatt | -26 394 | -28 700 | -23 776 |
| Eiendomsskatt | -7 768 | -8 928 | -8 674 |
| Andre direkte og indirekte skatter | -6 150 | -2 600 | -6 289 |
| **Sum driftsinntekter** | **-137 218** | **-138 607** | **-140 348** |

#### 4.1.0. Generelt

Veksten i driftsinntektene frå opphavleg budsjett 2016 til 2017 er nominelt på 2,1 %. Med ein forventa løns- og prisvekst på 2,5 % gir dette ein netto negativ realvekst på 0,4 %.

I budsjettet for 2017 er det nytta netto driftsrammer for kvar eining. Endelege inntekter frå drifta vil framkomme når detaljbudsjettet for kvart år i økonomiplanen er ferdigstilt. I budsjettet no, er inntektene frå 2017 vidareført ut perioden.

Sal av konsesjonskraft er flytta til driftsinntekter i dette budsjettet. Driftsinntektene for 2017 og utover perioden er korrigert for 2017-prognosane for sal av konsesjonskraft.

Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggarar. Talet på innbyggarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentral politiske retningslinene.

Andre generelle statstilskot blir reduserte som fylgje av nedskriving av sentrale rentekompensasjonsordningar.

Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling hos Agder Energi.

**4.1.1. Avgifter og betalingssatsar**
I budsjettet for 2017 er det framlegg om å ikkje auke dei kommunale avgiftene utover prisauka innan kommunal sektor på 2,5 %. (Forventa deflator for 2017 er på 2,5 %).

Vassavgiftene vert endra med 2,5 % i 2017. Det same gjeld tilkoplingsavgift for vatn.
Kloakkavgiftene vert endra med 2,5 % i 2017. Det same gjeld tilkoplingsavgift for kloakk.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Kommunen reduserte i 2014 slamavgifta med 8 % for å redusere slamfondet. Det er ikkje ordinær slamtømming i 2017. Avgifta vert ikkje auka for 2017.

Renovasjonsavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Ein aukar desse med den generelle deflatoren på 2,5 %.

Feieavgifta vert auka med 2,5 %. Dette arbeidet vert utført av Setesdal brannvesen og avgiftene går til å dekke kostnadar til feiearbeidet.

Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til Gebyrregulativ for 2017.

**4.1.2. Skatt på formue og inntekt**
Kommunen sine inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra:

| | |
|---|---|
| 2008 | 26 650 000 |
| 2009 | 27 508 000 |
| 2010 | 26 799 000 |
| 2011 | 24 589 000 |
| 2012 | 26 006 000 |
| 2013 | 26 937 000 |
| 2014 | 27 504 000 |
| 2015 | 27 336 000 |
| 2016 | 28 700 000 |
| 2017 | 26 394 000 |

Skatteinngangen for 2017 er basert på prognose pr. oktober 2016. Prognosen er basert på skatteinngang 2016 (KS prognosemodell).

Selskapsskatten er teken ut med verknad frå 2009.

Naturressursskatten er teken ut med verknad frå 2017 på kr 3.400.000,- i denne tabellen. Samla tal for 2017 ville då vore på kr 29.794.000,- medrekna naturressursskatten for 2017 (samanliknbart tal med 2016).

**Skatteinngangen i 2017:**
For 2017 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr. 26.394.000,-. Ein stor del av skatteinngangen (i underkant av 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Denne skatten aukar ikkje så mykje som den øvrige skatten, dette er ein av grunnane til at kommunen sin vekst er lågare enn landsgjennomsnittet. Men ved dagens ordning utløyser dette eit inntektsutjamningstilskot som vert overført i rammetilskotet.

**Skatteanslaget for 2017:**
Skatteanslaget viser ei auke frå 2016 utrekna etter dei siste opphavlege inntektsprognosane i budsjettet for 2016. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

Det kommunale skattøyre for 2017 er føreslegen til 11,80 %.

### 4.1.3. Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det fyrst og fremst to forhold ein må ta omsyn til:

- Endringar av regelverket.
- Endringar av skattegrunnlaget.

Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2017 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. og vedtek kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 jf. esktl. § 10.

Jf. Esktl. **§ 3.** kan kommunestyret skrive ut eigedomsskatt på anten

a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
d) berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller
e) eigedom både under bokstav b og c, eller
f) eigedom både under bokstav b og d, eller
g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

For eigedomsskatteåret 2017 skal ein skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk jf. esktl. § 3 fyste ledd bokstav c.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.

Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal ytast i 2 -to- terminar per år jf. esktl §25

I 2010 og 2011 vart det gjennomført ei generell omtaksering i kommunen. I budsjettet for 2017 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 7.768.000,- som er ein vesentleg reduksjon frå nivået i 2016 på kr 8.928.000,-.

Maksgrensa for fastsetjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2017. Kapitaliseringsrenta vert framleis 4,5 % i 2017.

Det er ikkje framlegg om å innføre generell eigedomsskatt på hus og hytter i økonomiplanperioden.

### 4.1.4. Statlege rammeoverføringar

Det statlege rammetilskotet for 2017 er fastsett på bakgrunn av framlegg frå Solberg-regjeringa. Tilskotet inneheld følgjande hovudkomponentar:

| | 2016 | 2017 | Diff. |
|---|---|---|---|
| Innbyggjartilskot: | 27 839 000 | 28 232 000 | 393 000 |
| Utgiftsutjamning: | 20 918 000 | 21 770 000 | 852 000 |
| Overgangsordningar - INGAR: | -70 000 | -122 000 | -52 000 |
| Småkommunetilskot: | 5 475 000 | 5 543 000 | 68 000 |
| Særskilt fordeling: | 137 000 | 453 000 | 316 000 |
| Ordinært skjønn: | 800 000 | 800 000 | 0 |
| Komp. nye folketal | 0 | 0 | 0 |
| Netto inntektsutjamning: | 3 031 000 | 3 300 000 | 269 000 |
| Bykletrekk | | | 0 |
| Selskapsskatt | | | 0 |
| Sum ramme tilskot: | 58 130 000 | 59 976 000 | 1 846 000 |

Forventa rammetilskot vil nominelt bli auka med kr 1.846.000,- i høve anslaget for 2016.

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart innført att frå 2007. Arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 % i 2017.

Kommunen får kr 800.000,- i skjønnsmidlar i 2017. Det er Fylkesmannen i Aust- Agder som fordelar desse midlane.

**4.1.5. Frie inntekter**
Frå og med 2000 vart det innført eit system med løpande inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. Motsatt ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna løpande gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2017 utgjer dette tilskotet kr 3.300.000,-.

I rammetilskotet ligg og et tilskot til særskild fordeling på kr 453.000,-. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrkt med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter.

**Frie inntekter – prognose for perioden 2017 – 2020:**
Det som kanskje har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Denne bygger m.a. på følgjande føresetnader:

- Bygland kommune vil ha same skatteutvikling som landsgjennomsnittet.
- Dagens inntektssystem og oppgåvefordeling gjeld.
- Innbyggartalet i kommunen er konstant per 01.07.xx på 1211, etter KS prognosemodell.
- Skjønnsmidlane frå fylkesmannen er føresett oppretthaldne på dagens nivå (kr 800.000,-).

For økonomiplanperioden har ein følgjande prognose for årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Skatt på formue og inntekt: | -26 394 | -26 698 | -27 002 | -27 306 |
| Rammetilskudd: | -59 975 | -60 649 | -61 279 | -61 868 |
| **Sum frie inntekter:** | -86 369 | -87 347 | -88 281 | -89 174 |

**4.1.6. Andre statlege overføringar**
I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er førte under resultateiningane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte.

**Tilskot til investeringar i samband med "Grunnskolereformen – 1997"**
For 2017 utgjer dette tilskotet kr 35.000,-. Dette vert gjeve som kompensasjon for utgifter til renter og avdrag i samband med investeringar knytte til reforma. Ordninga vert avvikla frå 2017, som er 20 år etter ordninga vart innførd.

**Kompensasjonstilskot - pleie- og omsorgssektoren**
I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten.

Det er lagt inn eit anslag for 2017 på kr 276.000,-

**Rentekompensasjon – skulebygg**
Dette er ei ny kompensasjonsordning som vart innført frå og med 2003. Bygland kommune har fått tildelt ei investeringsramme på kr 5.089.000,- som dannar grunnlaget for tilskotet. Det er lagt inn eit anslag for 2017 på kr 77.000,-.

**Momskompensasjonsordninga**
Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemd. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølve. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarande beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir. Bygland vart trekt med kr 2.247.000,- i rammetilskotet for 2006. Dette trekket er rekna ut frå rekneskapsstatistikken for 2003 og 2004 Dette fører til at det er stor uvisse om trekket er rett, og om kommunen faktisk får tilsvarande kompensasjon av moms i 2017.

Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget på kr 2.800.000,- i driftsbudsjettet, og kr 480.000,- i investeringsbudsjettet i 2017.

I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna (tal i heile 1000 kr):

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| 2800 | 2800 | 2800 | 2800 |

**Integreringstilskot – flyktningar**
Kommunen får i ein 5- års periode ein fast sum for kvar flyktning som buset seg i kommunen. I investeringsbudsjettet for 2017 er det sett av kr 1,4 mill. til sluttføring av starta bygging av flyktningbustader. Det blei i 2014 tilsett flyktningkonsulent i kommunen.

**4.1.7. Konsesjonskraftinntekter**
Den konsesjonskraft Bygland som utbyggingskommune har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraftfondet IKS. Dette er inntekter som er svært usikre.

For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| 4100 | 3222 | 2590 | 2119 |

Det er grunn til å merke seg at inntektene utover i økonomiplanperioden er svært usikre, men det tyder på at ein tidligare varsla negativ trend gjev store økonomiske utslag.

**4.1.8. Inntekter frå Agder Energi A/S**
Kommunen fekk i 2016 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 7.331.000,-. Dette er ut frå ein eigardel på 1,11 %. (Utbytte frå overskot i 2014 som vart utbetalt i 2016).

Det vart i 2015 vedteke at Agder Energi skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følgje av dette vert det vedteke ein ny utbyttemodell til eigarane.

Etter den gamle modellen skulle utbytte fordelast etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 500 mill. + 60 % av overskytande.

Etter den nye modellen blir utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande. Det vil for Bygland kommune sin del seie at gitt same overskot i Agder Energi, vil kommunen få 444.000,- mindre utbetalt i utbytte.

Etter ei vurdering av opplysningane på eigarmøte har vi budsjettert med eit totalt utbytte på kr 745 mill. for 2016. Dette tilseier ei utbetaling i 2017 på kr 6.744.000,- etter den nye modellen.

Det er grunn til å merke seg at det er stor uvisse knytt til inntektsanslaget for perioden 2018- 20, som er basert på eit utbytte på kr 733 mill.

#### 4.1.9. Naturressursskatt

Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i skjema 1A. Denne er estimert til kr 3.400.000,-

### 4.2. Kommunen sine driftsutgifter.

Nedanfor har ein sett opp den enkelte resultateining sin netto del av totalramma, (tal i heile 1000 kr):

| | 2017 | % | 2018 | % | 2019 | % | 2020 | % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk styring | 2016 | 1,9 | 1866 | 1,8 | 2016 | 1,9 | 1866 | 1,7 |
| Sentral adm. og fellesutgifter | 12290 | 11,6 | 12290 | 11,6 | 12290 | 11,5 | 12290 | 11,5 |
| Kultur | 1338 | 1,3 | 1338 | 1,3 | 1338 | 1,3 | 1338 | 1,2 |
| Bygland oppvekstsenter | 16712 | 15,8 | 16712 | 15,8 | 16712 | 15,6 | 16712 | 15,6 |
| Byglandsfjord oppvekstsenter | 9702 | 9,2 | 9702 | 9,1 | 9702 | 9,1 | 9702 | 9,1 |
| Helse | 7851 | 7,4 | 7851 | 7,4 | 7851 | 7,3 | 7851 | 7,3 |
| NAV | 1524 | 1,4 | 1524 | 1,4 | 1524 | 1,4 | 1524 | 1,4 |
| Pleie og omsorg | 31510 | 29,8 | 31510 | 29,7 | 31510 | 29,5 | 31510 | 29,4 |
| Drift og forvaltning ekskl. VARF | 13150 | 12,5 | 13150 | 12,4 | 13150 | 12,3 | 13150 | 12,3 |
| Drift og forvaltning- VARF | 1038 | 1,0 | 1038 | 1,0 | 1038 | 1,0 | 1038 | 1,0 |
| Større prosjekter | 850 | 0,8 | 0 | 0,0 | 0 | 0,0 | 0 | 0,0 |
| Eksterne samarbeid | 12173 | 11,5 | 12173 | 11,5 | 12173 | 11,4 | 12173 | 11,4 |
| Andre sentrale inntekter og kostnadar | -4580 | -4,3 | -3077 | -2,9 | -2448 | -2,3 | -1974 | -1,8 |
| **Sum driftsutgifter** | **105574** | **100,0** | **106077** | **100,0** | **106856** | **100,0** | **107180** | **100,0** |

#### 4.2.1. Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ein gjennomsnittleg prisauke og kostnadsauke frå 2016 til 2017 på 2,5 %. Årslønnsveksten i 2017 er sett til 2,7 %.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2017 er det lagt inn ein reserve på kr 2.000.000,-. Dersom denne ramma vert for lita, må det resterande dekkast inn av resultateiningane. Dette er basert på ein lønsauke på 2,7% der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på eininga. Derfor trekker ein ut overhenget på ca 0,6 %. Avsetninga er baset på ca 2,1 % av samla lønskostnadar.

#### 4.2.2. Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane våre slik at vi ikkje kan budsjettere med positivt netto premieavvik i 2017. Det er heller ikkje teke høgde for amortiseringskostnadane isolert sett i budsjettet.

#### 4.2.3. Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2017. er berekna til kr 130.430.000,-, der startlån utgjer kr 11.498.000,-.

Kommunen si lånegjeld har auka over dei siste åra. Tabellen viser netto lånegjeld pr. innbyggar og langsiktig gjeld i % av driftsinntektene (KOSTRA tal 2015) :

| **Kostra rekneskapstal**<br>KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune | Bygland 2015 | Iveland 2015 | Valle 2015 | KG06 2015 |
|---|---|---|---|---|
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 253,3 | 151,7 | 224,9 | 219 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | 81561 | 30506 | 94109 | 73971 |

Netto lånegjeld pr. innbyggar er eksklusive skuldig pensjonsforpliktelse. Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter er inkludert opparbeida skuldig pensjonsforpliktelse for kommunen.

Med verknad frå 2013 er det framlegg om å redusere avdraga til minimumsavdrag jamfør Kommunelova § 50 nr. 7. Kommunen sine avdragsutgifter i 2017 er budsjettert til kr 4.650.000,-. Det er budsjettert med 2,00 % rente i resten av økonomiplanperioden. Det er budsjettert med kr 2.538.000,- i renteutgifter for 2017.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til følgjande driftsutgifter:

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Renteutgifter – alle lån: | 2 538 000 | 2 577 000 | 2 600 000 | 2 685 000 |
| Avdragsutgifter - ordinære lån: | 4 650 000 | 4 650 000 | 4 650 000 | 4 650 000 |
| **SUM:** | 7 188 000 | 7 227 000 | 7 250 000 | 7 335 000 |

Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 9,278 mill. i 2017. Investeringane blir finansierte med ubrukte lånemidlar frå 2016 kombinert med nytt låneopptak. Ein del av prosjekta er ei vidareføring frå 2016 og låna er teke opp i 2016 for å finansiere desse. Det vil korrigere årets låneopptak og ein kjem tilbake til spesifikt låneopptak for 2017 til 1 tertialrapport 2017. Til startlån er det ikkje budsjettert med låneopptak for 2017 og ut økonomiplanen. Etter omlegging i forskrifta frå Husbanken vert det gjeve mindre startlån, og kommunen har store unytta midlar til startlån. Ein ser låneopptak utover økonomiplanen i samanheng med desse midlane. Utgifter til renter og avdrag på kr 7.188.000,- er lagt inn i budsjettet.

I økonomiplanen er budsjettert meirforbruk balansert ved bruk av disposisjonsfond.

**4.2.4. Finansiering av investeringar**
Finansieringa av investeringar i 2017 vert dekka av ubrukte lånemidlar frå 2016 kombinert med nytt låneopptak i 2017.

**4.2.5. Ubundne investeringsfond**
Kommunen har i dag kr 2.011.000,- i ubundne investeringsfond .

**4.2.6. Konsesjonsavgifter og næringsfond**
Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 2.750.000,- i året. 01.01.2016 var det inneståande kr 2.888.000,- på næringsfondet.
Ut over dette har kommunen Byglandsfjordfondet på kr 15.250.000,- der ein ikkje kan nytte grunnkapitalen. Det er i 2017 budsjettert med bruk av avkastninga av fondet på inntil 1 mill.

**Status i Byglandsfjordfondet:**

| | |
|---|---|
| Estimera saldo pr. 1.1.17 | 20 403 000 |
| Grunnkapital | -15 250 000 |
| **Disponibel kapital** | **5 153 000** |

Dette er estimert saldo, inkludert forventa renteauke for 2016. Det er i 2017 budsjettert med ei renteavkastning på kr 400.000,-  som vert ført til disponibel saldo ved slutten av året.

**Næringsfond 2017**

| Bruk næringsfond 2017 | |
|---|---|
| Tilskot til Setesdal Regionråd | 1 300 000 |
| Tilskot til reiseliv | 100 000 |
| GPS Merking Villrein prosjektet | 25 000 |
| Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Setesdal | 25 000 |
| Tilskot til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting) | 5 000 |
| Landbrukstilskot medrekna kjøp av mjølkekvotar | 600 000 |
| Utvikling Prestneset - Næring/bolig | 300 000 |
| Næringstilskudd | 200 000 |
| Fiberprosjekt | 300 000 |
| Reguleringsplan Ose | 250 000 |
| Ras og flaumsikringsprosjekt | 200 000 |
| Næringsutvikling - (Andel lønn) | 200 000 |
| Sum: | 3 505 000 |
| Estimert bruk av Bfjord fondet | 800 000 |

Kommunen sin økonomisjef har frå 2014 også fungert som næringssjef i kommunen. Han har arbeidd med næringsutvikling saman med ordførar og rådmann som har utgjort kommunen sitt næringsapparat. Det er budsjettert med kr 200.000,- i 2017 som del av lønn til næringssjef. I tillegg er det sett av kr 200 000,- til administrative næringstilskot for 2017.

Det ligg inne kr 300.000,- til utbygging av fiber i Bygland kommune. Dette er ei reduksjon frå 2016 på kr 100.000,-.

Tilskotet til landbruket, medrekna mjølkekvotar, er auka frå kr 200.000,- til kr 600.000,- i perioden 2017 til 2020 på grunn av stor investeringsvilje i jordbruket. Kommunestyret har sett ned eit utval som skal lage framlegg til nye retningsliner for tildeling av tilskot. Desse vil bli handsama som eiga sak i kommunestyret i 2017.

Reguleringsplanarbeidet på Ose vart lagt inn etter vedtak i kommunestyret ved budsjetthandsaminga av 2015 budsjettet med kr 250.000,-. Arbeidet skulle koordinerast med andre eksterne partar og ein er komen i gang med prosjektet i 2016, så ein forventar at kostnadane kjem i 2017. Det har vert jobba med framskunding av ny bru på Ose. I dette arbeidet ligg og forventning om bygging av ny bru på Ose.

Ras og flaumsikringsprosjekt er lagt inn som eit infrastrukturprosjekt med kr 200.000,- saman med ei vidare utvikling av prosjektet på Prestneset med kr 300.000,-

Det er budsjettert med å nytte 0,8 mill. av avkastninga på Byglandsfjordfondet. Dette går til reduksjon av bruken av det ordinære næringsfondet og ligg inne i den totale bruken. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å differensiere kostnadar mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.

Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert vidareført med kr 1,3 mill.

**4.2.7. Disposisjonsfond – drift**

Kommunen hadde per 01.01.2016 kr 3,447 mill. på disposisjonsfond. Det var i 2016 budsjettert med fondsbruk på 1,5 mill. til drifta i 2016. Desse midlane var retta mot oppussingskostnader i samanheng med PU-utbygginga

på Byglandsfjord. Mindreforbruket for 2015-rekneskapen valde politikarane å avsette det meste til disposisjonsfond, samd opprette eit rentefond på kr 1 mill. Dette gir ei auke av disposisjonsfondet på kr 9,098 mill. Estimert status på disposisjonsfondet vil då vere kr 11,075 mill. pr. 31.12.16
Budsjettet for 2017 legg opp til eit fondsbruk på kr 3,988 mill. Ein har ikkje teke omsyn til resultatrekneskapen for 2016 i denne berekninga.
I tillegg kjem  Bygdebokfondet på 4 mill., DFV-fondet på 1 mill. og Rentefondet oppretta i 2016 på 1 mill.

### 4.2.8. Budsjettskjema 1A Driftsbudsjett

I økonomiplanperioden er utviklinga som følgjer (i 1000 kr):

| Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune | | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Skatt på inntekt og formue | -28 700 | -26 394 | -26 698 | -27 002 | -27 306 |
| 2 | Ordinært rammetilskot | -58 130 | -59 975 | -60 649 | -61 279 | -61 868 |
| 3 | Skatt på eigedom | -8 928 | -7 768 | -7 768 | -7 768 | -7 768 |
| 4 | Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.) | -2 600 | -6 150 | -6 150 | -6 150 | -6 150 |
| 5 | Andre generelle statstilskot | -2 025 | -388 | -342 | -331 | -320 |
| **6** | **Sum frie disponible inntekter** | **-100 383** | **-100 675** | **-101 607** | **-102 530** | **-103 412** |
| | | | | | | |
| 7 | Renteinntekter og utbytte | -8 284 | -7 744 | -7 657 | -7 657 | -7 657 |
| 8 | Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 2 538 | 2 538 | 2 577 | 2 600 | 2 685 |
| 9 | Avdrag på lån | 4 268 | 4 650 | 4 650 | 4 650 | 4 650 |
| **10** | **Netto finansinntekter** | **-1 478** | **-556** | **-430** | **-407** | **-322** |
| | | | | | | |
| 11 | Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk | - | - | - | - | - |
| 12 | Til ubundne avsettingar | - | | | | |
| 13 | Til bundne avsettingar | 3 100 | 3 150 | 3 150 | 3 150 | 3 150 |
| 14 | Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk | - | - | - | - | - |
| 15 | Bruk av ubundne avsettingar | -1 500 | -3 988 | -3 910 | -3 789 | -3 316 |
| 16 | Bruk av bundne avsettingar | -3 340 | -3 505 | -3 280 | -3 280 | -3 280 |
| **17** | **Netto avsetting** | **-1 740** | **-4 343** | **-4 040** | **-3 919** | **-3 446** |
| | | | | | | |
| 18 | Overført til investeringsrekneskapet | | | | | |
| | | | | | | |
| **19** | **Til fordelt drift** | **-103 601** | **-105 574** | **-106 077** | **-106 856** | **-107 180** |
| | | | | | | |
| **20** | **Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)** | **103 601** | **105 574** | **106 077** | **106 856** | **107 180** |
| | | | | | | |
| **21** | **Meirforbruk/mindreforbruk = 0** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |

**Kommentarar:**
2016-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opphaveleg budsjett som vart endra gjennom året 2016. For 2017 og ut økonomiperioden er inntekta auka. Vi har ein kostnadsauke som i hovudsak er knytta til generell pris- og lønsauke. Vidare har vi ein inntektsreduksjon knytta til eigedomsskatt og kraft, reduksjon i folketalet og nedlegging av asylmottak. Vi har hatt ein vekst i skatt- og rammetilskot som er lågare enn pris- og lønsauka i kommunen. Denne auken utgjer ca. kr 380.000,- i forventa pris- og lønsauke som ikkje er kompensert gjennom dei statlege tilskota. Den ordinære drifta i 2017 gjev oss eit negativt resultat utan bruk av fondsmidlar. For å saldere budsjettet for 2017 ligg det inne bruk av disposisjonsfond på kr 3.988.000,-. For økonomiplanen vidare ligg det an til eit meirforbruk, på linje med budsjettet for 2017. Prognosane framover er høgst usikre og kan fort endre seg i løpet av planen, og ved kvart budsjettframlegg.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

## 5. Investeringsbudsjettet.

### 5.1. Hovudoversikt Investeringar.

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2017 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 12.318.000,-. Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneheld følgjande *(Tal i 1000)*:

| Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune | | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Rekneskap 2015 |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| 1 | Investeringar i anleggsmidlar | 10 758 | 19 530 | 41 528 |
| 2 | Utlån og forskuteringar | 300 | | 300 |
| 3 | Kjøp av aksjer og andeler | 460 | | 378 |
| 4 | Avdrag på lån | 800 | 800 | 803 |
| 5 | Dekning av tiligere års udekket | - | | 2 339 |
| 6 | Avsettingar | - | | 300 |
| **7** | **Årets finansieringsbehov** | **12 318** | **20 330** | **45 648** |
| | | | | |
| **8** | **Finansiert slik:** | | | |
| 9 | Bruk av lånemidlar | 8 478 | 14 364 | 30 516 |
| 10 | Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 300 | 500 | 300 |
| 11 | Tilskot til investeringar | 1 800 | 1 800 | 8 115 |
| 12 | Kompensasjon for merverdiavgift | 480 | 2 866 | 5 535 |
| 13 | Motteke avdrag på utlån og refusjonar | 800 | 800 | 377 |
| 14 | Andre inntekter | - | | - |
| **15** | **Sum ekstern finansiering** | **11 858** | **20 330** | **44 843** |
| | | - | | |
| 16 | Overført frå driftsbudsjettet | - | | - |
| 17 | Bruk av tidlgere års udisponert | - | | |
| 18 | Bruk av avsettingar | 460 | | 805 |
| **19** | **Sum finansiering** | **12 318** | **20 330** | **45 648** |
| | | - | | |
| **20** | **Udekka/udisponert = 0** | **-** | **-** | **-** |

### 5.2. Investeringar i anleggsmidlar for budsjettet 2017.

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2017 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 12.318.000,-. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 10.758.000,-

Investeringsbudsjettet over anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar *(Tal i 1000)*:

| Budsjettskjema 2B | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjektnr** | **Investeringar:** | **Budsjett 2017** | **Budsjett 2016** | **Regnskap 2015** |
| 400 | Pleie og omsorg | | | 192 |
| 554 | Overløpsledning Grendi Nord | | 250 | |
| 554 | Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi - Anleggskostnad | | | 7 043 |
| 555 | Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing | 60 | 75 | |
| 556 | Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift | 60 | 75 | |
| 557 | Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk | | 150 | |
| 558 | Kloakkpumpestasjon Ose | | 200 | |
| 559 | Detaljprosjektering Kloakkrenseanlegg Bygland | 400 | 250 | |
| 560 | Renseanlegg Austadneset | 2 800 | | |
| 561 | Detaljprosjekt VA - Stigemo | 100 | | |
| 801 | Bustadområde Bygland (Rindane) | | | 233 |
| 804 | Kartverk/ Geovekstprosjektet | 250 | 250 | |
| 806 | Bustadområde Austad | 688 | | |
| 817 | Kjøp av tomteareal | 500 | 500 | 212 |
| 828 | Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert) | 300 | 300 | |
| 841 | Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi | | 100 | 78 |
| 843 | Høgdebasseng Ose | | | 220 |
| 846 | PU-prosjekt Nybygg Sagmoen | | | 9 706 |
| 847 | Prosjekt Prestneset | | | 102 |
| 848 | Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen | | | 960 |
| 852 | Nøkkelsystem | | | 354 |
| 853 | Flyktningebustadar | | | 4 110 |
| 854 | Naudstraumsaggregat Adm.bygg | | | 284 |
| 855 | Prosjekt Idrettshall | | 11 930 | 16 805 |
| 856 | Mudre og mure innløpet til Bjorenhuset | | 250 | |
| 857 | GPS - Landmålingsutstyr | | | 172 |
| 858 | Toalettanlegg Prestneset | | | 447 |
| 859 | Kaldlager Nesmoen | | 150 | |
| 860 | Flyktningebustad 2 - Rindane | 1 400 | 4 400 | 75 |
| 861 | Stilashenger | | 100 | |
| 862 | Snøfres - traktor | | 100 | |
| 863 | Traktorhenger | | 150 | |
| 864 | Solavskjermingsprosjekt - Byglandsheimen | 100 | 300 | |
| 866 | Ambulansestasjon Bygland | 2 100 | | |
| 867 | Ambulansestasjon Bygland - Garasje til heimesjukepleien | 700 | | |
| 869 | Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift | 500 | | |
| 870 | Solavskjermingsprosjekt - Bfjord oppvekstsenter | 200 | | |
| 871 | Klima og ventilasjonsanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter | 500 | | |
| 872 | SD Prosjekt Byglandsfjord Oppvekstsenter | 100 | | |
| 1035 | Ladestasjon - Prestneset | | | 403 |
| 1037 | I pad kjøp - Kommunestyreperiode 2016-2019 | | | 130 |
| | **Sum investeringar** | **10 758** | **19 530** | **41 528** |

**Kort kommentar til dei einskilde tiltak for 2017:**

**Tilbakeslagsventilar vatn og kloakksystem.**
Det er sett av kr 120.000,- til kjøp av tilbakeslagsventilar. Dette som oppfølging av tilsyn frå Mattilsynet på ettersommaren 2013. Prosjektet er starta i 2015 men har blitt sluttført i 2017.

**Detaljprosjektering av kloakkreinseanlegg på Bygland**
Dette er ei oppfylging av forprosjekt i 2016. Eit reinseanlegg for Bygland bygda har vore i planane til kommunen over fleire år. Med utvikling av bygda, så er det også behov for tilfredsstillande behandling av kloakk.

**Kloakkreinseanlegg for Austad**
Dette er ei oppfylging av forprosjekt i 2016. Auka aktivitet på Austad industriområde og utvikling av bustadområde krev tilfredsstillande handtering av kloakk. Dagens anlegg er gamalt og vil ha utfordringar med å handtere utviklinga for området. Det ligg inne midlar til både prosjekteringskostnadar og til sjølve hovudprosjektet.

**Forprosjekt VA - Stigemo**
I samband med utvikling av hyttefelt på Stigemo, må kommunen sjå på moglegheita for påkobling til kommunalt vatn og avlaup. Ein er i dialog med grunneigar for å få på plass ein utbyggingsavtale.

**Kartverk- Geovekstprosjektet**
Årleg hending for å ha ajourført kartverk. Prosjektsamarbeid med Statens kartverk der ein samhandlar om kva område som t. d. skal flyfotograferast og digitaliserast.

**Bustadområde - Austad**
Sal av bustadtomt i det kommunale bustadfeltet på Austad krev at kommunen fullfører dei infrastrukturelle tiltaka som ligg i reguleringsplanen. Dette er ei vidareføring av prosjekt frå 2016.

**Kjøp av tomteareal**
Kommunen har mange festetomter frå Opplysningsvesenets fond. Det er eit mål å frikjøpe fleire av desse. Når festeavtalane opnar for indeksregulering, er erfaringane at dei årlege festeavgiftene blir justerte opp for mykje. Ved visse intervall kan det forhandlast om frikjøp. Avsetninga gjev ein handlefridom til å kunne handle raskt når sjansane byr seg. Dette gjeld også i andre saker der det kan vere føremålstenleg for kommunen å kjøpe areal til ulike føremål t.d. tomt til reinseanlegg og frikjøp av andre festetomter.

**IFK- plan**
Det er sett av kr 300.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. IFK-planen vert handsama i kommunestyret som eiga sak.

**Bygging av flyktningbustad II/Utleigebustad.**
Det er sett av kr 1.400.000,- til fullføring av flyktningbustad II/utleigebustad i 2017. Arbeidet er starta i 2016.

**Solavskjermingsprosjekt Byglandsheimen**
HMS og bu-kvalitet tilseier tiltak for å motverke UV – stråling og direkte soloppvarming. Tiltaket har også ein energisparingseffekt ved at ventilasjonssystema kan køyrast meir optimalt. Dette er ei slutføring av prosjektet som starta i 2016.

**Ambulansestasjon Bygland**
Prosjektet var oppe som eiga sak til kommunestyret i 2016. Dette er ei vidareføring av prosjektet i 2017 som er starta i 2016.

**Ambulansestasjon Bygland - Garasje til heimesjukepleien**
Prosjektet var oppe som eiga sak til kommunestyret i 2016. Dette er ei vidareføring av prosjektet i 2017 som er starta i 2016.

**Ombygging av gymsal til aula på Bygland skule**
For å nytte den gamle gymsalen på skulen i Bygland til aula var det eit politisk ynskje om å legge inn kostnadar til prosjektet i 2017. Dette er eit prosjekt som må avklårast nærare for å kunne vurdere om det er eit investeringsprosjekt, eller om kostnadane må via driftsbudsjettet/splittast mellom drift og investering. Ein har vald å leggje det inn som eit investeringsprosjekt for så å kome tilbake til finansiering når prosjektet er meir avklåra.

**Solavskjermingsprosjekt - Byglandsfjord oppvekstsenter**
HMS og bu-kvalitet tilseier tiltak for å motverke UV – stråling og direkte soloppvarming. Tiltaket har også ein energisparingseffekt ved at ventilasjonssystema kan køyrast meir optimalt.

**Klima og ventilasjonsanlegg - Byglandsfjord oppvekstsenter**
Prosjektet må sjåast i samanheng med SD prosjektet (Sentral Driftsovervåkning) på Byglandsfjord oppvekstsenter. Vernerapport slår fast at det ikkje er tilfredsstillande inneklima for elevar og tilsette.

**SD-styring - Byglandsfjord oppvekstsenter**
Ein må sjå prosjektet i samanheng med klima- og ventilasjonsprosjektet på Byglandsfjord oppvekstsenter. Vernerapport slår fast at det ikkje er tilfredsstillande inneklima for elevar og tilsette. SD styring (Sentral Driftsovervåkning) vil optimalisere drifta av klima og ventilasjonssystemet på oppvekstsenteret. Dette vil gje effekt i lågare utgiftar og betre innemiljø.

**Finansiering av investeringar 2017**
*(Tal i 1000)*

| | Fra skjema 2A | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|---|
| 950 | Utlån Startlån | 300 | 0 | 300 |
| 950 | Avdrag Startlån til Husbanken | 800 | 800 | 803 |
| 951 | Eigenkapitaltilskot KLP | 460 | 453 | 378 |
| | Dekning av tidligere års udekket merforbruk | | | 2339 |
| 952 | Avsetninger | | | 300 |
| | **Sum investeringar** | **1 560** | **1 253** | **4 120** |
| | | | | |
| **Totalt finansieringsbehov** | | **12 318** | **20 783** | **45 648** |
| | | | | |
| | | | | |
| Prosjektnr | **Finansiering:** | **2017** | **2016** | **2015** |
| 950 | Bruk av Startlån | -300 | | -300 |
| 950 | Avdrag Startlån frå lånetakarane | -800 | -800 | -376 |
| 951 | Tidlegare avsetningar | -460 | -453 | -807 |
| 952 | Låneopptak/Ubrukte lånemidler | -8 178 | -14 364 | -30 516 |
| 811 | Tomtesal | -300 | -200 | 0 |
| | Bustadsal | 0 | 0 | 0 |
| | Tilkoblingsavgifter/ refusjonar | 0 | 0 | 0 |
| 860 | Statstilskot bustader | -1 800 | -1 800 | -8 115 |
| 952 | Bruk av fond/avsetninger | 0 | 0 | |
| Alle | MVA komp. i investering | -480 | -3 166 | -5 534 |
| | Overføring frå/til driftsbudsjettet | 0 | 0 | 0 |
| | **Sum finansiering** | **-12 318** | **-20 783** | **-45 648** |

Ein tek høgde for at MVA-kompensasjonen er eit anslag. Ein vil kome tilbake til konkret lånebehov til investeringar i 2017, når investeringsrekneskapen for 2016 er avslutta. Ein visar og til at kostnadane på dei prosjekta som er vidareførte frå 2016 er eit anslag, då ein på budsjetteringstidspunktet framleis arbeider med fleire av prosjekta.

## 5.3. Investeringar i økonomiplanperioden

*(Tal i 1000)*

| Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet Bygland kommune - Økonomiplan | | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2017-2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| 1 | Investeringar i anleggsmidlar | 10 758 | 5 565 | 2 340 | 4 770 | 23 433 |
| 2 | Utlån og forskuteringar | 300 | 300 | 300 | 300 | 1 200 |
| 3 | Kjøp av aksjer og andeler | 460 | 465 | 470 | 475 | 1 870 |
| 4 | Avdrag på lån | 800 | 800 | 800 | 800 | 3 200 |
| 5 | Dekning av tiligere års udekket | | | | | |
| 6 | Avsettingar | - | 4 933 | - | - | 4 933 |
| **7** | **Årets finansieringsbehov** | **12 318** | **12 063** | **3 910** | **6 345** | **34 636** |
| | | | | | | |
| **8** | **Finansiert slik:** | | | | | |
| 9 | Bruk av lånemidlar | 8 478 | 300 | 300 | 1 623 | 10 701 |
| 10 | Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 300 | 300 | 300 | 300 | 1 200 |
| 11 | Tilskot til investeringar | 1 800 | 9 243 | - | - | 11 043 |
| 12 | Kompensasjon for merverdiavgift | 480 | 955 | 270 | 300 | 2 005 |
| 13 | Motteke avdrag på utlån og refusjonar | 800 | 800 | 800 | 800 | 3 200 |
| 14 | Andre inntekter | - | - | - | - | - |
| **15** | **Sum ekstern finansiering** | **11 858** | **11 598** | **1 670** | **3 023** | **28 149** |
| | | | | | | |
| 16 | Overført frå driftsbudsjettet | - | - | | | - |
| 17 | Bruk av tildlgere års udisponert | | | | | |
| 18 | Bruk av avsettingar | 460 | 465 | 2 240 | 3 322 | 6 487 |
| **19** | **Sum finansiering** | **12 318** | **12 063** | **3 910** | **6 345** | **34 636** |
| | | | | | | |
| **20** | **Udekka/udisponert = 0** | - | - | - | - | - |

Skjema 2B - Økonomiplan

| Prosjektnr | Investeringar: | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 804 | Kartverk/ Geovekstprosjektet | 250 | 250 | 250 | 250 | 1 000 |
| 817 | Kjøp av tomteareal | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| 000 | Innkjøp av selvgående lift | 0 | 125 | 0 | 0 | 125 |
| 559 | Detaljprosjektering Kloakkrenseanlegg Bygland | 400 | 4000 | 0 | 0 | 4 400 |
| 841 | Detaljprosjektering av VVA Landeskogen | 0 | 0 | 430 | 0 | 430 |
| 828 | Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel (tippemiddel basert) | 300 | 300 | 300 | 300 | 1 200 |
| 841 | Vatn til og avlaup frå Landeskogen | 0 | 0 | 0 | 2720 | 2 720 |
| 841 | Opprusting av veg til Landeskogen | 0 | 0 | 0 | 1500 | 1 500 |
| 561 | Detaljprosjekt VA - Stigemo | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| 560 | Renseanlegg Austadneset | 2800 | 0 | 0 | 0 | 2 800 |
| 000 | Tilbygg kontorlokale Nesmoen | 0 | 200 | 0 | 0 | 200 |
| 000 | Forprosjekt Saneringsplan og VA prosjekt - Prestlia | 0 | 0 | 160 | 0 | 160 |
| 000 | Innkjøp av minigraver | 0 | 0 | 400 | 0 | 400 |
| 000 | Innkjøp av ny traktor | 0 | 0 | 500 | 0 | 500 |
| 555 | Tilbakeslagsventilar VAR - Kloakkrensing | 60 | 0 | 0 | 0 | 60 |
| 556 | Tilbakeslagsventilar VAR - Vassverksdrift | 60 | 0 | 0 | 0 | 60 |
| 860 | Flyktningbustad, 2-mannsbustad | 1400 | 0 | 0 | 0 | 1 400 |
| 869 | Ombygging av gymsal til aula - Bygland - Må mogleg i drift | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| 864 | Solavskjermingsprosjekt - Byglandsheimen | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| 870 | Solavskjermingsprosjekt - Bfjord oppvekstsenter | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| 872 | SD Prosjekt Byglandsfjord Oppvekstsenter | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| 871 | Klima og ventilasjonsanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| 000 | Overvakingssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk | 0 | 240 | 0 | 0 | 240 |
| 000 | Rehabilitering av stasjonsområde Byglandsfjord | 0 | 0 | 300 | 0 | 300 |
| 000 | Bruksendring gml. Heradshuset | 0 | 150 | 0 | 0 | 150 |
| 000 | Brannsikring trehusbebyggelse Ose Sentrum | 0 | 300 | 0 | 0 | 300 |
| 806 | Bustadområde Austad | 688 | 0 | 0 | 0 | 688 |
| 866 | Ambulansestasjon Bygland | 2100 | 0 | 0 | 0 | 2 100 |
| 867 | Ambulansestasjon Bygland - Garasje til heimesjukepleien | 700 | 0 | 0 | 0 | 700 |
| | **Sum investeringar** | **10 758** | **5 565** | **2 340** | **4 770** | **23 433** |

**Kommentar til dei einskilde tiltak for økonomiplanperioden 2018-2020 :**

**Kartverk/Geovekstprosjekt**
Det er lagt inn årleg kostnad på kr 250.000,- til digitalisering av kartverk utover i perioden. Dette er eit nasjonalt samarbeidsprosjekt med Statens kartverk som pådrivar, som sikrar framtidige kartdata forankra i gjeldande regelverk for kartopplysningar.

**Innkjøp av sjølvgåande lift**
For arbeid i høgda er det vurdert som rasjonelt og kostnadsreduserande å gjere denne investeringa. I samband med vedlikehald og anna arbeid har ein ofte behov for å enkelt kunne komme til i høgda og vere bevegeleg. Dette er og i tråd med gjeldande HMS krav.

**Kloakkreinseanlegg på Bygland**
Dette er ei oppfylging av detaljprosjekt i 2017. Eit reinseanlegg for Byglandbygda har vore i planane til kommunen over fleire år. Med utvikling av bygda, så er det også behov for tilfredsstillande behandling av kloakk. Dette er for å møte framtidige krav til avlaupstilhøva på Bygland.

**Detaljprosjektering av VVA – Landeskogen**
Dette er eit prosjekt som har ligge inne i økonomiplanen for 2017, men ein ser eit behov for å prioritere innafor prosjekta i høve personell og kapasitet. Derfor er det føreslege å skyve dette prosjektet ut over økonomiplanen for å få betre tid. Det er køyrt eit forprosjekt i 2016.

**IFK- plan**
Det er årleg sett av kr 300.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen.

**Landeskogen – Bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning**
Det er sett av kr 2.720.000,- til bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning til Landeskogen. Ein må sjå dette i samanheng med opprusting av veg til Landeskogen. Det er rasjonelt å leggje røyr samstundes som ein bygger veg. Forprosjekt er ferdig og ein føreslår at dette vert følgt opp etter at detaljprosjektet er ferdig.

**Landeskogen – opprusting av veg**
Det er sett av kr 1.500.000,- til opprusting av vegen til Landeskogen. Sjå punkt ovaføre.

**Kontorlokale Nesmoen**
Det er sett av kr 200.000,- til bygging av kontorlokale for uteseksjonen på Nesmoen. Dette er eit tilbygg til dagens driftsbygning der det er verkstad med eit pauserom, som i dag blir nytta som kontor.

**Forprosjekt «Saneringsplan og VA – prosjekt – Prestelidi»**
VA – nettet i området er gamalt og etter dagens standard på grensa til å vere underdimensjonert med dagens nedbør og grøftesystem. Særleg med tanke på leidningsnettet til overflatevatnet ser ein byrjande utfordringar. Nasjonalt er det sett større fokus på den aukande flaum – og rasfaren større nedbørsmengder utløyser.

**Innkjøp av ny minigravar**
Kommunen sin minigravar som vert nytta til m.a. gravferdstenesta blei kjøpt brukt på 1990 – talet ei gong. Dette er ei god maskin, men alderen tilseier at her bør vere ein tidshorisont på kva tid den bør bli bytta ut.

**Innkjøp av ny traktor**
Det blei kjøpt ny traktor for 6 år sidan. Her har vore noko driftstrøbbel, og for å minimalisere eventuelt aukande driftsproblem føreslår ein no å legge nykjøp i 2019. Normal avskrivingstid på større anleggsmaskiner er ofte 5 - 10 år.

**Overvakningssystem på kloakkpumpestasjonar/vassverk**
Dette er eit prosjekt som er flytta frå 2016-budsjettet grunna kapasitet og nye moment.

**Rehabilitering av stasjonsområdet på Byglandsfjord**
Stasjonsområdet på Byglandsfjord har eit behov for rehabilitering. Der er sett av midlar til eit forprosjekt som skal kartleggje behovet nærare.

**Bruksendring gamle Heradshuset**
Bruksendring krev tilpassing. Dagens bruk er ikkje i samsvar med SAK 10. Ein legg inn kostnadar til eit prosjekt for å finne ut kva bygget kan nyttast til og kva som må gjerast for at bygget skal tilfredsstille tekniske krav til mogleg bruk.

**Brannsikring av trehus i Ose sentrum**
Dette er krav som er kome til kommunen i høve brannsikring og ROS analyse. Der skal vere midlar til å gjennomføre nødvendig brannsikring med vidare.

**Avsetting 2018**
Kommunen forventar å få utbetalt tippemiddeltilskot i samband med bygginga av idrettshallen på Bygland i 2018. Dette vert nytta til å finansiere investeringar utover økonomiplanperioden.

**Kommentar**
Ein gjer merksam på at budsjettet er eit kostnadsoverslag. Eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod.

### 5.4. Utlån

Etter innskjerpa tildelingsreglar frå Husbanken, gjeldande frå 01.04.2014, er talet på søknadar om startlån merkbart redusert. Vi har derfor betydelege unytta midlar til startlån ståande. Ein føreslår å ikkje ta opp nye startlån før ein har redusert dei unytta midlane. Ved behandling av startlån i Bygland kommune vert forskrifta frå Husbanken lagt til grunn (FOR-2014-03-12-273).

### 5.5. Finansiering av investeringsbudsjettet

Investeringsbudsjettet er finansiert på følgjande måte *(Tal i 1000):*

| | Fra skjema 2A | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 950 | Utlån Startlån | 300 | 300 | 300 | 300 | 1 200 |
| 950 | Avdrag Startlån til Husbanken | 800 | 800 | 800 | 800 | 3 200 |
| 951 | Eigenkapitaltilskot KLP | 460 | 465 | 470 | 475 | 1 870 |
| 952 | Avsetninger | 0 | 4933 | 0 | 0 | 4 933 |
| | **Sum investeringar** | **1 560** | **6 498** | **1 570** | **1 575** | **11 203** |
| | | | | | | |
| **Totalt finansieringsbehov** | | **12 318** | **12 063** | **3 910** | **6 345** | **11 203** |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| Prosjektnr | **Finansiering:** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **SUM** |
| 950 | Bruk av Startlån | -300 | -300 | -300 | -300 | -1 200 |
| 950 | Avdrag Startlån frå lånetakarane | -800 | -800 | -800 | -800 | -3 200 |
| 951 | Tidlegare avsetningar | -460 | -465 | -470 | -159 | -1 554 |
| 952 | Låneopptak/Ubrukte lånemidler | -8178 | 0 | 0 | -1323 | -9 501 |
| 811 | Tomtesal | -300 | -300 | -300 | -300 | -1 200 |
| 0 | Bustadsal | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 0 | Tilkoblingsavgifter/ refusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 860 | Statstilskot bustader | -1800 | -9243 | 0 | 0 | -11 043 |
| 952 | Bruk av fond/avsetninger | 0 | 0 | -1770 | -3163 | -4 933 |
| Alle | MVA komp. i investering | -480 | -955 | -270 | -300 | -2 005 |
| 0 | Overføring frå/til driftsbudsjettet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | **Sum finansiering** | **-12 318** | **-12 063** | **-3 910** | **-6 345** | **-34 636** |

Lånegjelda på ordinære lån vil auke utover planen. Ein vil nytte ubrukte lånemidlar att frå tidligare år før ein tek opp nye lån.

Det ligg inne ein refusjon på statstilskot bustadar i perioden. Dette er refusjon frå Husbanken knytt opp mot bygging av flyktningbustadar. I tillegg ligg utbetaling av tippemidlar knytt til idrettshallen i år 2018. Dette er eit estimat og kan bli seinare.

Inntektene frå tomtesal er budsjetterte med kr 300.000,- i 2017 og ut perioden. Sal av tomter i kommunen vil bli sett av til ubundne investeringsfond.

Mva-kompensasjonen er eit anslag og vil variere med kor mykje av investeringane som er knytta opp mot refusjonspliktige kostnadar.

## Del IV. Budsjettrammer for dei einskilde resultateiningar

| Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet Bygland kommune | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | **Budsjett 2017** | **Budsjett 2016** | **Rekneskap 2015** |
| 1 | Skatt på inntekt og formue | **-26 394** | -28 700 | -23 776 |
| 2 | Ordinært rammetilskot | **-59 975** | -58 060 | -56 615 |
| 3 | Skatt på eigedom | **-7 768** | -8 928 | -8 674 |
| 4 | Andre direkte eller indirekte skatter(konsavg.) | **-6 150** | -2 600 | -6 289 |
| 5 | Andre generelle statstilskot | **-388** | -1 925 | -2 110 |
| **6** | **Sum frie disponible inntekter** | **-100 675** | **-100 213** | **-97 464** |
| | | | | |
| 7 | Renteinntekter og utbytte | **-7 744** | -8 284 | -9 056 |
| 8 | Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | **2 538** | 2 538 | 2 168 |
| 9 | Avdrag på lån | **4 650** | 4 268 | 4 034 |
| **10** | **Netto finansinntekter** | **-556** | **-1 478** | **-2 854** |
| | | | | |
| 11 | Til dekning av tidlegare års rekneskapsm. meirforbruk | **-** | - | - |
| 12 | Til ubundne avsettingar | **-** | - | - |
| 13 | Til bundne avsettingar | **3 150** | 3 100 | 3 364 |
| 14 | Bruk av tidlegare års rekneskapsm. mindreforbruk | **-** | - | - |
| 15 | Bruk av ubundne avsettingar | **-3 988** | -1 500 | -8 072 |
| 16 | Bruk av bundne avsettingar | **-3 505** | -3 240 | -3 545 |
| **17** | **Netto avsetting** | **-4 343** | **-1 640** | **-8 253** |
| | | | | |
| 18 | Overført til investeringsrekneskapet | | | |
| | | | | |
| **19** | **Til fordelt drift** | **-105 574** | **-103 331** | **-108 571** |
| | | | | |
| **20** | **Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)** | **105 574** | **103 331** | **98 373** |
| | | | | |
| **21** | **Meirforbruk/mindreforbruk = 0** | **-** | **-** | **-10 198** |

**Kommentarar:**
I skatt på inntekt og formue er Naturressursskatten skild ut og lagt inn på linje 4. Denne utgjer 3,4 mill. Skatt på eigedom er kraftig redusert på grunnlag av låge straumprisar og sentrale endringar i eigedomsskatten. Det same gjeld for utbytte i linje 7. Linje 5 er redusert som følgje av vertskommunetilskot som forsvinn, då asylmottaket vert nedlagt. Budsjettet er saldert ved bruk av disposisjonsfond som ein finn i linje 15.

| Budsjettskjema 1 B - driftsbudsjettet Bygland kommune | | | |
|---|---|---|---|
| Til fordeling drift (fra budsjettskjema 1 A) | | | |
| Fordelt slik: | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
| **Resultateining 10: Politisk styring** | | | |
| **Netto** | **2 016** | **1 818** | **2 708** |
| **Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter** | | | |
| **Netto** | **12 290** | **12 110** | **14 981** |
| **Resultateining 201: Kultur** | | | |
| **Netto** | **1 338** | **1 339** | **2 170** |
| **Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter** | | | |
| **Netto** | **16 712** | **15 480** | **15 765** |
| **Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter** | | | |
| **Netto** | **9 702** | **9 431** | **8 884** |
| **Resultateining 31: Helse** | | | |
| **Netto** | **7 851** | **7 900** | **7 294** |
| **Resultateining 32: NAV** | | | |
| **Netto** | **1 524** | **1 720** | **1 092** |
| **Resultateining 33 : Pleie og omsorg** | | | |
| **Netto** | **31 510** | **30 388** | **31 188** |
| **Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF** | | | |
| **Netto** | **13 150** | **12 541** | **14 903** |
| **Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF** | | | |
| **Netto** | **1 038** | - | **-2 378** |
| **Resultateining: 41 Større prosjekt** | | | |
| **Netto** | **850** | **1 500** | **836** |
| **Resultateining: 80 Eksterne samarbeid** | | | |
| **Netto** | **12 173** | **11 861** | **3 392** |
| **Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnadar** | | | |
| **Netto** | **-4 580** | **-2 487** | **-2 462** |
| | | | |
| **Netto driftsutgifter** | **105 574** | **103 601** | **98 373** |

*Tal i heile 1000*

## Politisk styring

**Omtale av eininga:**
Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, utgifter i samband med møte osv.

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 10: Politisk styring** | | | |
| **Netto** | **2 016** | **1 818** | **2 708** |

**Kommentar:**
Utgiftene til politiske møte er budsjettert etter same møteaktivitet som i 2016. Forventa auka utgifter til stortingsvalet i 2017 er lagde inn.

Det er lagt opp til ei ordning der einingane får kompensert ekstrautgifter for tilsette som er politikarar. Denne ordninga er avgrensa av utgifter knytte til faktisk vikarbruk.

Kommunestyret er lagt inn med ei tilleggsløyving på kr 30.000,-. Dette er midlar kommunestyret kan disponere til ønskt føremål. Det er ikkje tilleggsløyvingar for dei andre politiske utvala.

I Kommunestyret 25.01.12 vart det vedteken ny godtgjersle til politikarane. Desse satsane er vidareførte i budsjettframlegget.

Det er vidare budsjettert med lokale midlar til Agder Sekretariat. Dei sentrale overføringane og kostnadane til Setesdal Revisjonsdistrikt IKS, er flutte ut på eige ansvar under eining 80 – Eksterne samarbeid.

Det er sett av kr 50.000,- til tilskotsordning til politiske parti. Kommunestyret har i eiga sak vedteke disponeringa av desse midlane.

**Overordna målsetting for kommunen som tenesteytar**

**Ambisjon:**
*I Bygland skal innbyggarane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan*

**Service og tenester:**
- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bygland kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt

**Forvaltning:**
- Sørgje for føreseieleg, konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og sakleg argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid

Desse overordna måla for kommunen si verksemd er uttrykte i ny kommuneplan. I tillegg ynskjer rådmannen for budsjettåret 2015 å vidareutvikle arbeidet med å styre etter mål – og resultatindikatorar, og har identifisert følgjande overordna strategiske mål for organisasjonen, for å møte identifiserte utfordringar. Dei einingsvise måla og resultatindikatorar skal sjåast i samanheng med desse overordna måla, og vere sektorvise bidrag til å utvikle organisasjonen heilskapleg.

**Overordna strategiske mål for organisasjonen:**
- Gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskaplege tenester
- Gjennomføre kompetansetiltak for leiarar og medarbeidarar som styrker drift og utvikling av tenester
- Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse
- Styrke heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø
- Samarbeide lokalt og regionalt for å utnytte kommunen sine ressursar i eit større perspektiv, og løyse ut større fleksibilitet og befolkningsvekst

## Rådmannskontoret og Fellesutgifter

**Omtale av eininga:**
Stabseininga omfattar rådmannskontoret sine oppgåver innan administrasjon, leiing, økonomi, personal og politisk sekretariat.

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter** | | | |
| **Netto** | **12 290** | **12 110** | **14 981** |

**Kommentar:**
På denne eininga er det i 2017 budsjettert med kostnadar til rådmannens stab og anna som ein naturleg kan leggje under denne. Som ein følgje av kuttprosessen i 2015, vart det i 2016 gjennomført omorganisering i tråd med gjeldane vedtak.

Det er budsjettert med nødvendige utgifter til drift av kontoret med den nye organiseringa. I tillegg inkluderer denne eininga fylgjande områder:

**Fellesutgifter/Sektorovergripande:**
Her ligg alle kostnadar som er felles for heile kommunen. Personforsikring for alle tilsette i kommunen og kontingentar til organisasjonar som kommunen er medlem i, er også budsjettert under dette område. Det er sett av kr 40.000,- til velferdstiltak og om lag kr 100.000,- til opplæringsmidlar for dei tilsette i kommunen.

**IKT lokalt:**
Her har ein samla dei interne overordna IKT-kostnadane for Bygland kommune. Utgiftene til Setesdal IKT er ført under eining 80. Drift og innkjøp av tekniske installasjonar, linjer, maskiner, sentralbordløysningar og anna ligg under her.

**Pedagogiske tenester:**
Dette området omfattar utgiftene til skulefagleg kompetanse i Bygland kommune. Her kan det òg kome utgifter dersom barn frå Bygland kommune vert tekne opp i private barnehagar. Viser til heimel i forskrift om likeverdig behandling § 11, Refusjon av kostnadar knytte til barn frå andre kommunar, «kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskudd fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen er basert på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskudd til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet.» For tida har vi ikkje barn i private barnehagar i Bygland.

**Kyrkjesektoren:**
Omfattar overføring til kyrkjelege fellesråd og tilskot til trudomssamfunn. Det er lagt til grunn ei overføring på kr 1.150.000,-. Overføringa er justert for deflator.

**Frivilligsentral:**
Området omfattar utgiftene til drift av Bygland frivilligsentral og driftsutgiftene til matombringing.

**Folkehelsekoordinator:**
Bygland kommune har underteikna avtale med Fylkeskommunen om å ha ein folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator skal ha fokus på førebyggjande helse på tvers av alle einingane i kommunen.

**HTV:**
Hovudtillitsvalde i Bygland kommune er frikjøpt i 50 % stilling. Denne stillinga er lønna under denne eininga.

**Likestilling:**
Lover (likestillingsloven, diskrimineringsloven, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og arbeidsmiljøloven) og avtaleverk (HA) legg føringar på kommunen vedkomande likestillingsarbeidet. Her vert ansvaret òg plassert. I Hovudavtalen står fylgjande:

*§ 7 Fremme likestilling og hindre diskriminering*

*Arbeidet for å fremme likestilling og å hindre diskriminering lokalt tillegges de som har det overordnede ansvar for arbeidsgiverpolitikken i den enkelte kommune/fylkeskommune. Ledere og tillitsvalgte har et særlig ansvar for det løpende likestillings- og ikke-diskrimineringsarbeidet*.

Dei sentrale partane skriv vidare:

*Det er en målsetting for partene at:*

- *alle arbeidstakere må gis like muligheter til arbeid og til personlig og faglig utvikling*
- *alle arbeidstakere må gis like muligheter med hensyn til tilsetting, lønn, heltidsstilling, opplæring og avansement*
- *det ikke må skje usaklig forskjellsbehandling ved innskrenkninger og oppsigelse*
- *det rekrutteres flere kvinner til ledende stillinger*
- *det rekrutteres flere menn til kvinnedominerte yrker i kommunal sektor*

I kap. om likestilling i personalhandboka har ein lagt vekt på likestilling mellom kjønna.
Dette kap. er no under evaluering. Likestillingsomgrepet må no utvidast til også å gjelde etnisitet, alder, legning, funksjonsevne osb. ikkje bare kjønn.

Når det gjeld mål, tiltak, kompetanseutvikling/opplæringsplan osv. viser ein til personalhandboka.

Det er ikkje framlegg om særskilte likestillingstiltak i budsjettet, men tiltak som har økonomiske konsekvensar som t.d. prioritert kompetanseplan er vedteken i AMU og «innbaka» i budsjettet.

**OVERORDNA PERSONAL**

**Fokusområde:**

**1.1 Tariffoppgjer og forhandlingar**
I 2017 er det  mellomoppgjer. Sidan det sentrale oppgjeret i 2016 har konsekvensar også i 2017 vore det sentrale tillegg og lokale forhandlingar i alle tre kap. i HTA i 2017. Det er forventa noko mindre årslønnsvekst enn det har vore dei siste åra. KS forventar ein årslønnsvekst i området på ca. 2,2%. Dette blir og lagt til grunn for forhandlingane våre.

**1.2 Kompetanseutvikling*:***
Kompetanseutvikling er ein viktig grunnpilar for strategisk verktøy for vidare organisasjonsutviklinga på alle nivå i kommunen og ein vil difor ha fokus på dette i 2017 og. Det er sett av noko midlar i budsjettet til sektorovergripande kompetansetiltak i tillegg til det som er lagt inn på kvar einskild einingane.

**1.3 Sjukefråver*:***
Dette blir framleis eit av hovudfokusområda i 2017. I 2016 var det totale sjukefråveret fram til medio okt. ca. 8 %. Det er ein auke frå året før.

**1.4 Compilo – internkontrollsystem**
Compilo er no i drift og det meste av personalverktøy ligg der. Fokus i 2017 er vedlikehald og vidareutvikling av dette verktøyet.

### 1.5 Organisering

I 2016 var det omorganisering i rådmannen sin stab. Det vart to stabseiningar: Personal/administrasjon og økonomi/næring. Organiseringa trådde i kraft fullt ut frå 01.03.16. Det vil også i 2017 vere fokus på å utvikle dei nye einingane i tråd med vedtekne verdiar i kommunen.

**Nøkkeltall Bygland kommune**

| Antall ansatte fordelt på enhet og alder | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Antall ansatte i aldersgrupper | | | | | | Antall ansatte |
| Enhet | < 20 år | 20-29 | 30-39 | 40-49 | 50-59 | 60-70 | Totalt |
| Stab inkl. kultur/ped.råd/folkeh. m.m | | | 2 | 4 | 5 | 3 | 14 |
| Bygland oppvekstsenter | | | 13 | 9 | 4 | 3 | 29 |
| Byglandsfjord oppvekstsenter | | | 6 | 6 | 6 | 2 | 20 |
| Drift og forvaltning | | | | 13 | 4 | 8 | 25 |
| Helse | | | 2 | 4 | 5 | 3 | 14 |
| NAV | | | 2 | 1 | 1 | | 4 |
| Omsorg/habilitering | | 6 | 7 | 16 | 14 | 14 | 57 |
| **Totalt Bygland** | | 6 | 32 | 53 | 39 | 33 | **163** |

## Kultur, bibliotek, bygdebok, ungdomsklubb

**Omtale av eininga:**

Kulturområdet har hatt fast tilsett biblioteksjef i 60 % stilling med ansvar for hovudbiblioteket på Bygland og filial på Byglandsfjord. Biblioteksjefen har også 10 % knytta til skulebiblioteket.

I Heradshuset på Bygland er det kommunal ungdomsklubb med 25 % stilling. I tillegg har ein gjort eit val om å setje opp ein vikar som kan tre inn når Ungdomsarbeidar er sjuk, og ved spesielle høve og turar. På den måten unngår ein å stenge. Ein ser på arbeid med barn og unge som eit svært viktig område, og vikaren gjer her ein formidabel innsats.

Det har vore tilsett ein kulturleiar i fast stilling i 60 %. Stillinga er no på 40 %.

Kulturleiaren sitt ansvar omfattar generell kulturadministrasjon/fordeling av kulturmidlar, kulturvern og kulturminne, interkommunal kulturskule i samarbeid med Evje og Hornnes, ungdommens kulturmønstring (UKM), løpande kontakt og oppfølging av lag og organisasjonar, publisering på facebook/avis/og andre sosiale medier, innbyggarane sin støttespelar ved arrangement, arrangør av kulturarrangement, ansvar for søknadar om spelemidlar og vedlikehald av anleggsregister/rapportering, kontakt og rapporteringsansvarlig mot fylkeskommunen mtp. den kulturelle skulesekken/beremeis/spaserstokk, ansvar for bygdekino, og for planlegging og gjennomføring av den kulturelle spaserstokken. Ansvar for ungdomsklubb og bibliotek ligg også her.

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 201: Kultur** | | | |
| **Netto** | **1 338** | **1 339** | **2 170** |

**Kommentar:**
**Kultur:**
Kommunestyret vedtok å bruke kr. 250 000.- til kulturmidlar i 2016. Dette er no tatt ned att til opprinneleg sum som vart vedteke i kuttprosessen, og er no på kr 165 000;. I kommuneplanen står det: «Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.» Dette er viktige retningsliner når ein skal fordele kulturmidlane. Samstundes ynskjer me å støtte aktørar innafor idrett og friluftsliv, ikkje minst dei lokale laga i kommunen. Tilskotet skal nå prioritere lag som rettar seg mot born og unge.
Av kulturmidlane har kr 50 000 per år gått til Bygland hornmusikk, jfr. tidlegare politisk prioritering og kr 13 000 til fordeling etter regulativ til 17. mai-komitèane. Honorarfondet har også fått 50 000 per år. Sett i ljos av kuttprosessen, må ein kanskje behandle dette på nytt. I tillegg var det budsjettert med 3000 kr til fast avtale om Rock i Brokke, dette er kutta då det er lagt ned. Kr 20 000 var sett av til Bygdekinoen. Dette er også eit tiltak som gjev inntekt til lokale lag (4H) og er viktig for at Bygland kommune skal kunne konkurrere med kulturtilbodet i til dømes Kristiansand.

**Ungdomsklubben:**
Budsjettet til ungdomsklubben er auka svakt i frå 2016 nivå. Klubben legg opp til aktivitet på måndagar og onsdagar. Ungdomsklubben er eksempel på eit område kultureininga ynskjer å satse meir på, då huset er populært blant ungdomen. Etterkvart kan det bli aktuelt for ungdomsklubben å arbeide meir med prosjekt, for slik å kunne søkje om midlar frå diverse fond. Dette er eit arbeid dei må gjere på eige initiativ.

**Bibliotek:**
Det var budsjettert med kr 92 000; til kjøp av bøker/musikk/video. Bygland bibliotek har no fått ei oppgradering. Arbeidet har bakgrunn i den nye biblioteklova, som seier at biblioteka skal nyttast til arrangement. Fylkeskommunen har gått inn med 70 000 til dette. Det er ikkje budsjettert med noko til oppgraderinga, men den har vore prioritert innafor bibliotekets rammar. Det er kjøpt inn stolar, prosjektor, lerret, lydanlegg og lysanlegg. Hyllene har fått hjul, og elles har vegger og gulv blitt fornya. Kommuneplanen seier at Bygland kommune skal vere opne for «nye impulsar og kulturell nytenking». Digitalisering og oppgraderinga er eksempel på dette. Oppgraderinga kan legge til rette for eit «eit rikt og mangfaldig kulturliv», og det kan difor bli aktuelt å budsjettere med meir til arrangement på biblioteket seinare år.

**Bygdeboka:**
Det er sett av kr 4.000.000,- på fond som skal dekke alle utgiftene til å sluttføre arbeidet. Dette skal dekke utgiftene til løn, andre driftsutgifter og trykking. Salsinntektene av bygdebøkene vil inngå i prosjektet som ei inntekt. Manus, tekst- og biletmateriale og arkivmateriale må sikrast for ettertida, også elektronisk.

Kommunen har engasjert Ådne Fardal Klev til å sluttføre arbeidet innanfor den gjevne kostnadsramma. Arbeidet har nå starta opp.

Det er ikkje ført opp driftsmidlar frå 2017 og ut økonomiplanperioden då dette arbeidet vert fondsfinansiert frå avsette midlar.

**Overordna mål for verksemda:**
Det overordna målet for kulturarbeidet i Bygland kommune finn vi i framlegg til ny kommuneplan:

*Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levevilkår.*

Dette er eit overordna mål som fell saman med andre av kommunen sine overordna mål slik det er formulert i ny kommuneplan. I kommuneplanen finn vi også dette:

**Kultur og miljø**
**Ambisjon:**
Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Vi er stolte av eit rikt kulturliv med tilbod til dei fleste. Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.

I kommunen har vi hornmusikk, teaterlag, 4H, ungdomsklubb, idrettslag med aktivitetar og idrett på mange nivå, skyttarlag, jeger- og fiskarlag, leikarring, kulturskule, bygdekino m.m.
Heilt lokalt er mykje verdfullt barne- og ungdomsarbeid knytta til dei ulike bedehusa. I tillegg har vi fleire band, lokale musikarar og bygdekor. Mykje skjer, stort sett heile tida for den som vil oppleve og utøve.

Kommunen har eigen plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg med handlingsprogram som vert rullert kvart år. Kommunestyret avgjer via budsjettvedtaket kva tiltak som vert finansiert (IFK planen).

**Vegen vidare:**
- Halde fram å styrke kulturlivet ved å prioritere dette i budsjettsamanheng
- Legge til rette for aktiv livstil og rekreasjon ved å betre tilgjenge til utmarka via eit ope nett av skogsbilvegar
- Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling

**Styringsmål:**
- Kulturavdelinga støttar opp om arbeidet for barn og ungdom i alle delar av kommunen
- Samarbeidet om den interkommunale kulturskulen og UKM vert vidareført
- Planen for idrett, friluftsliv & kulturbygg vert rullert kvart år med eitt ope orienteringsmøte
- Ungdomsklubbane lyt vidareutviklast

## Oppvekstsektoren i Bygland kommune

**Innleiing:**
Bygland kommune har 2 oppvekstsentra. Bygland oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 10. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Byglandsfjord oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1. – 7. klasse, barnehage og skulefritidsordning (SFO).

**Overordna mål for oppvekstsektoren:**
- Oppvekstsentra i Bygland skal gi barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel samhandling og læring.
- Tilby alle som søkjer ved hovudopptak barnehageplass, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve.
- I skular, barnehagar og SFO skal barna ha eit forsvarleg tilsyn, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen.
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av kultur og natur slik at ein skaper identitet til heimplassen.
- Kvalitetssikre tilbodet i skular, SFO og barnehagar gjennom brukar undersøkingar.
- Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet.
- Brukarane møter tilpassa læringssituasjonar og utfordringar.
- Alle elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

**Styringsmål:**
- Halde tildelt budsjettramme.
- Arbeide for vere blant dei beste på Agder når det gjeld grunnskulepoeng.
- Arbeide for å få gode resultat på nasjonale prøver.
- Gode resultat på den årlege elevundersøkinga.
- Gjennomføre utviklingsarbeid som sikrar kvaliteten og tverrfagleg samarbeid ved overgangane barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring, utdanning og jobb.

- Gjennomføre kompetansehevingstiltak i samsvar med vedtatt kompetansehevingsplan.
- Arbeide for å halde sjukefråveret på eit minimum gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukemelde.
- Gjennomføre medarbeidarsamtalar våren 2017.

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter** | | | |
| **Netto** | **16 712** | **15 480** | **15 765** |

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter** | | | |
| **Netto** | **9 702** | **9 431** | **8 884** |

**Elevtalsutvikling:**
Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved skulane i planperioden:

| Skuleår | 2016/2017 | 2017/2018 | 2018/2019 | 2019/2020 |
|---|---|---|---|---|
| Bygland oppvekstsenter, elevtal | 125 | 100 | 100 | 100 |
| Byglandsfjord oppvekstsenter, elevtal | 41 | 43 | 43 | 43 |

Basert på erfaring, vil prognosetala svinge gjennom skuleåret pga. til- og fråflytting. Dei store endringane i elevtalet på Bygland oppvekstsenter er i hovudsak knytta til nedlegginga av Bygland mottak.

**Omtale av oppvekstsentra:**

**Bygland oppvekstsenter:**
Året 2016 har vore eit hektisk år for Bygland oppvekstsenter. Vi har gjennom året opplevd stor vekst og etterspurnad etter tenester frå asylmottaket på Nesmoen. Det var difor ein strek i rekninga då dette vart bestemt nedlagt frå fyrste desember 2016. Dette inneber eit bortfall av 25 elevar i skulen, 8 born på Storestog i barnehagen og heile norskopplæringa i Vonheim. Det vi har att av vaksenopplæring er retta mot busette flyktningar og omfattar 14 elevar som held til i den gamle prestegarden.
Med tanke på bemanning har det vore store utfordringar, fyrst å skaffe nok folk våren 2016, og så å omstille seg til redusert drift frå nyttår 2017.
Bygland kommune fekk som ein av tre kommunar i Aust-Agder tilbod frå fylkesmannen om å bli med i eit skulebaset kompetansehevingsprogram kalla «Kompetanse for mangfald». Prosjektet er fullfinansiert frå FFM, slik at det får ingen konsekvensar for budsjett 2017. Dette vel vi å halde fram i, sjølv utan mottak. Ein ser her stor nytteverdi med tanke på undervisning og integrering i samband med busetting av flyktningar.
Bygland oppvekstsenter har dyktige og engasjerte medarbeidarar. Vi er for 2017 godt dekka med kvalifiserte pedagogar, både i skule og barnehage.
No når Byglandshallen er ferdig og teken i bruk, til stor glede og nytte for heile oppvekstsenteret, er vårt fokus på leikeområda til elevane. Desse er svært nedslitne og dårleg vedlikehaldne. Vi vonar i samarbeid med DFV, å kunne presentere ei plan for opprusting av desse i løpet av budsjettåret.
Skal ein ha fokus på mobbing/krenkande åtferd og elevane sitt psykososiale miljø er dette ei viktig brikke som må på plass.

**Skulen:**
Satsingsområde:

- Kompetanse for mangfald.
- Barn som bekymrar.
- Vidareføre VFL.

**SFO/leksehjelp:**

- Ordinær skulefritidsordning SFO alle dagar, med opningstid 07.15 til 16.30.
- Det er leksehjelp tre  ettermiddagar i veka for 5.klasse tom. 10.klasse.

**Barnehagen:**
Ordinær barnehagedrift med to avdelingar.
Satsingsområde:

- Kompetanse for mangfald
- Bravo.
- Barn som bekymrar.

**Vaksenopplæring:**
Norskopplæringa for vaksne flyktningar og asylsøkjarar, vert  avvikla 1. desember 2016. Flyktningdelen held fram i gamle prestegarden.

**Byglandsfjord oppvekstsenter:**
Budsjettramma for 2016 gjev fortsatt rom for at alle barn på oppvekstsenteret i alderen 1 – 12 år skal få dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring. Barna vil framleis få eit godt og tilrettelagt tilbod. Byglandsfjord oppvekstsenter har eit svært stabilt personale som er dyktige, engasjerte, løysingsorienterte og positive. Arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret er godt og brukarundersøkingar/elevundersøkingar syner svært gode score. Ein arbeider kontinuerleg med å betre det psykososiale miljøet til alle barn på oppvekstsenteret og her har ein fokus på førebyggande arbeid i tillegg til å sette inn tiltak tidleg. Bygningane er i god stand, men uteområdet treng framleis ei oppgradering.

Heile oppvekstsenteret er med på satsinga «Kompetanse for mangfald», der målet er at dei tilsette skal vere i stand til å støtte barn med minoritetsbakgrunn på ein måte som fører fram til at desse i størst mogleg grad fullfører utdanninga. Vidare er oppvekstsentra sentrale i satsinga «Barn som bekymrar» som heile Bygland kommune er med på. Denne satsinga skal heve kompetansen til dei tilsette som kjem i kontakt med barn/unge i risikoutsette livs- og omsorgssituasjonar. Prosjektet skal utvikle tverrfagleg samarbeid til det beste for desse barna.

**Skulen/Leksehjelp**
Skulen satsar vidare på Vurdering for læring (VFL). I form av eit prosjekt er VFL no ferdig, men ein ser at det er naudsynt å vidareføre fokus på VFL også dei komande åra. Varig endring og implementering av nye vurderingsformer og metodar tek tid. Andre satsingsområdar er lesing, skriving og digital kompetanse. Det er to lærarar som tek vidareutdanning. Det har kome nye krav til lærarane si utdanning og ein må difor rekne med at ein må halde fram med å vidareutdanne fleire lærarar også dei komande åra. Det er tilbod om gratis leksehjelp to timar i veka for elevane i 5.-7. klasse. For 1.-4. klasse er leksehjelpa behovsprøvd.

**SFO**
Ordinær skulefritidsordning. SFO har opningstid alle dagar frå kl.07:15 - kl.16:30, før og etter skuletid. 95%, 18 stk. av elevane i den aktuelle aldersgruppa nyttar seg av tilbodet som er eit vært innhaldsrikt tilbod. SFO er oppteken av at barna skal få eit sunt kosthald og mykje fysisk aktivitet.

**Barnehagen**
Det er ordinær barnehagedrift med to avdelingar og full pedagogtettleik. Barnehagen har opningstid frå kl.07:15 – kl.16:30. Det er fullt i barnehagen med 27 barn. Barnehagen har gode leike- og opphaldsareal. Barnehagen satsar no stort på den aktive og utviklande leiken BRAVO som skal bidra til å auka konsentrasjon, betre kommunikasjonsevna og betre språkutviklinga. Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitet. Barnehagen satsar derfor også vidare på «vi vil ut».

## Resultateining: Helse

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 31: Helse** | | | |
| **Netto** | **7 851** | **7 900** | **7 294** |

**Legetenesta**
Ved Bygland legekontor er det 5 personar i faste stillingar. Legekontoret har 2 fast tilsette legar, ein kommuneoverlege i 65 % stilling, 25 % av stillinga blir nytta til kommuneoverlegeoppgåver og 40 % som fastlege, samt ein fastlege i 80 % stilling. Legekontoret har og turnuslege i 100 % stilling.
Kommuneoverlegen er spesialist innan samfunnsmedisin og i allmennmedisin. Kommuneoverlegestillinga er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune der Bygland kommune er vertskommune. Legekontoret blir i 2017 bemanna med 2 legesekretærar i 65 % og 20 % stilling, og ein kontorleiar i 100 % stilling. På grunn av kutt i legesekretærstillingar må deltidstillingane arbeide frå 9 til 15, det er den travlaste tida på legekontoret. Konsekvensen er at legekontoret må redusere si telefontid ytterlegare på morgonen og på ettermiddagen. Ved akutte hendingar er det eit eige telefonnummer som publikum kan nytte.
Legetenesta har eit krav på responstid på to minutt for å svare på 80 % av telefonar frå pasientane, dette vil bli vanskeleg å oppfylle.
Det er etablert lokal legevakt i samarbeid med Evje og Hornnes kommune. Legen som har hatt vakt har krav på fri dagen etter dersom det har vore utrykking etter klokka 23 dagen før. Det er for tidleg å vurdere om det vil ha innverknad på inntening og tilbodet til pasientane. Alle legane på Bygland legekontor deltek i legevakt og kommuneoverlegen er fagleg ansvarleg.

Per 1.11.2016 er det 1231 som har fastlege i Bygland. Med nedlegging av asylmottaket vil talet på pasientar sannsynlegvis bli mindre.

**Legekontoret på Byglandsfjord**
I K-sak 13/16 gjorde kommunestyret følgjande vedtak: «Legekontoret på Byglandsfjord vert ikkje lagt ned. Det vert vist til saksframlegget og rådmannen vert beden om å leggje fram sak om naudsynte endringar for vidare drift.»
Saka har vore jobba med i administrasjonen og syner ei kraftig kostnadsauke som ein ikkje har funne rom for i budsjettframlegget. Rådmannen kjem med ei eiga sak om legekontoret på Byglandsfjord i 1. tertial 2017. Det er i budsjettforslaget vidareført drift som i 2016.

**Helsesystertenesta**
Helsesystertenesta består av helsesyster i 90 % stilling. Ny helsesyster blei tilsett i september. Ho er utdanna sjukepleiar og førskolelærar med spes. ped 1 og 2. Kommunen har sett som vilkår for tilsettinga at ho skal søke seg inn på helsesøsterutdanninga. Tenesta er styrkt med 20 % stilling med psykiatri og ruskompetanse som gjer eit tilbod til dei eldste ungdomane.
Helsesystertenesta gjev tilbod om tenester til alle innbyggarane i kommunen mellom 0-20 år. Helsestasjonen yter tenester i form av helsestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste for barn og ungdom 6-20 år. Helsestasjon for ungdom er etablert på måndagar i samarbeid med legetenesta.

**Jordmor**
Jordmortenesta er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune, der Bygland kommune er vertskommune. I den ordinære jordmortenesta er det tilsett jordmor i 60 % stilling fordelt med 40 % til Evje og Hornnes kommune og 20 % til Bygland kommune.
Jordmor og helsesyster samarbeider med å gi eit godt tilbod til gravide og nyfødde.
I tillegg er det etablert ei ordning med 40 % stilling som skal dekke følgetenesta i Bygland kommune. Desse kostnadane vert dekka av SSHF.
Det er utarbeidt eigen samarbeidsavtale for denne tenesta.

Dei tilsette i helsestasjonen har eit godt interkommunalt fagsamarbeid.

**Psykisk helse og rus**
Tenesta består av 65 % stilling spesialhjelpepleiar med god psykiatrikompetanse, 10 % velferdsvitar med ruskompetanse, det er dei same tilsette som arbeider saman med helsesyster for å gi tenester til dei eldste ungdomane. Målet er å gi ei god teneste med eit godt samarbeid og få til ein god overgang frå ungdom til vaksen.
Ansvaret for oppfølging av rusavhengige er lagt til dette området. Styrking av ruskompetansen får tenesta og gjennom LMT med interkommunal ruskonsulent i Setesdal i 20 % stilling.
Dei tilsette i psykisk helse og rus deltek i interkommunale fagnettverk som er etablert i Setesdal.
Nettverka er ein styrke for dei tilsette med kompetanseheving og for å utveksle erfaringar.
I den gamle skulen i Grendi er det tilbod om dagtilbod ein dag i veka for brukarane i tenesta. Dette er planlagt å flytte til stasjonsområdet på Byglandsfjord i same lokale der det blir etablert dagtilbod for eldre og habiliteringstenesta. Tenesteleiar er leiar for tenesta og har og pasientoppfølging.

**Bustader for menneske med psykiske lidingar**
Det er eit bustadtilbod til 4 personar med psykiske helse og rus –problematikk. I juni 2016 blei tilbodet samla med eit fellesareal på Byglandsfjord. Det er 2.25 stillingar i bustaden som arbeider dag og kveld.

**Støttekontakter og avlastning**
Budsjettet for støttekontakt inneheld støttekontakt, avlasting og omsorgsløn. Tenesteleiar har ansvar for sakshandsaming etter søknadar frå foreldre og brukarar. Løyvinga blir drøfta i ansvarsgruppemøte og med andre fagpersonar som er involverte i tiltak rundt brukar. Det er i hovudsakleg barn, unge og deira familiar som i dag har støttekontakt, avlastning og omsorgsløn.
Om ein brukar avlasting og støttekontakter som førebyggande tiltak vil foreldre kunne klare omsorgsoppgåvene sine over tid.
Støttekontakter er oppdragstakarar og vert lønna i samsvar med til ei kvar tid gjeldande tariffløn for assistentar. Avlasting vert godtgjord etter tilrådde satsar for fosterheim og avlasting.
Behov for støttekontakt og avlasting er vanskeleg å seie på førehand,  men budsjettet er sett opp etter dei behova ein kjenner til i dag.

**Fysioterapitenesta**
Fysioterapeuten er sjølvstendig næringsdrivande med 75 % kommunal driftsavtale. Ho har og ansvar for lovpålagde kommunale oppgåver, desse tenestene kjøper kommunen av fysioterapeuten. Det er heller ikkje i år funne rom for å auke stillingsandelen til fysioterapeut.

Folkehelselova handlar om det kvar enkelt av oss, kommunane og samfunnet kan gjere for at vi skal få eit sunnare og friskare folk. God helse er ein av dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å satse breitt på å førebygge sjukdom og fremje helse vil redusere sjukdom og død, og gi ei meir funksjonsfrisk og arbeidsdyktig befolkning.
Rådmannen oppnemnte i 2015 ei arbeidsgruppe med tenesteleiar helse, folkehelsekoordinator og kommuneoverlege som fikk følgjande mandat:

- Arbeide for at kommunen skal ha ei offensiv og oppdatert tilnærming til folkehelse, som følgjer krava i folkehelselova.
- Faggruppa skal vere ei kompetanse- og ressursgruppe for kommunestyret og andre politiske forum, og for leiarar og tilsette i kommunen.
- Byggje ei felles plattform, med politisk og administrativ forankring, der alle får ei felles forståing av kva god folkehelse inneber, og kva som  må til for å oppnå dette.
- Utvikle eit godt system for å utarbeide årleg oversikt over helsetilstand og faktorar som verkar inn på helse i kommunen, samt vurdere årsakssamanhengar og konsekvensar.

Alle område i kommunen skal ha folkehelse og levekår som gjennomgåande tema. Folkehelse skal ligge til grunn for alt planverk i kommunen.

**Tenesteleiar**
Tenesteleiar deltek i helsenettverk saman med leiarane i helse og i pleie og omsorg i Setesdal.

Tenesteleiar har ansvar for koordinerande eining med Individuelle planar og kontaktperson i kommunen for SSHF dersom det er pasientar som treng langvarige og koordinerande tenester. Tenesteleiar er koordinator for Bygland kommune si tverrfaglege satsing «Barn som bekymrer» som er eit samarbeid med kompetansesenteret KoRus sør. Satsinga skal heve kompetansen til tilsette som kjem i kontakt med barn og unge i risikoutsetta livs-og-omsorgssituasjonar. Prosjektet skal utvikle tverrfagleg samarbeid til det beste for desse barna og deira familiar.

**Overordna mål for verksemda:**

- Implementere kommunen sine vedtekne verdiar i alle tenester
- Møte brukarane med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde
- Vidareutvikle gode, trygge lokalsamfunn prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske

**Styringsmål:**

- Halde økonomisk ramme
- Medverke til å utarbeide ein helse- og omsorgsplan og at folkehelse har fokus i kommunalt planverk og tenesteproduksjon
- Vidareutvikle dokumentasjonen i internkontrollsystemet Compilo for å sikre at løyving og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar og sikre god bruker medverknad i alle delar av tenestane
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging for dei som er sjukemelde
- Gjennomføre medarbeidarsamtale våren 2017

## Resultateining: NAV

**Omtale av eininga:**
NAV Bygland har som formål å få fleire i arbeid og færre på stønad. Vi er også opptatt av å gjere det enklare for brukarane - fleire kanalar inn til NAV. Tenestene skal tilpassast etter brukarane sine behov. Med dette bidreg NAV Bygland å skape ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

NAV Bygland – flyktningtenesta har som formål å busette og integrere flykningar på ein slik måte som gjer dei rusta til å bli sjølvhjelpne, gje dei den bistand dei treng for å kvalifisere seg til det norske arbeidsliv og å finne seg høveleg arbeid.

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 32: NAV** | | | |
| **Netto** | **1 524** | **1 720** | **1 092** |

**Kommentar:**
Etter at NAV Bygland blei etablert har det ført til at innbyggarane i Bygland kommune får eit heilskapleg tenestetilbod som er eigna til å sikre rett yting til rett tid. Med riktig bruk av verkemidla som er tilgjengelig i NAV, samt fokus på brukarmedverknad er det stor von for å lykkast med dette arbeidet.

Dei siste åra kan ein sjå eit stabilt tal på sosialsakar. Dette er noko som kan aukast i 2017 på grunn av at Bygland kommune i dag har busett flyktningar. Det har fram til no blitt utbetalt svært lite på sosial, samstundes skal mykje av desse utgiftene dekkast av integreringstilskotet og andre statlege tilskot. Flyktningtenesta og vaksenopplæringa har eit tett samarbeid rundt dei busette flyktningane slik at dei på best mogleg måte er rusta til å bli sjølvhjelpne og få høveleg arbeid når dei etter 2 (3) år er ferdig med introduksjonsprogrammet.

Flyktningane mottek introduksjonsstønad og skal være sjølvhjelpne så langt det let seg gjere. NAV skal heilskapleg arbeide mot at dei etter introduksjonsprogrammet skal være sjølvhjelpne , ha god orden og innsikt i eigen økonomi og ha skaffa høveleg arbeid.

**Husbanken**
Regjeringa har fastsett ny forskrift for startlån som gjeld frå 1. april 2014. Ordninga med startlån er meir målretta mot personar med langvarige bustad- og finansieringsproblem.
Startlån-ordninga har blitt meir tydeleg. Den vil i større grad enn tidlegare nå fram til dei personane som er vanskelegst stilt på bustadmarknaden, og som samtidig har økonomisk evne til å betena eit lån. Personar i målgruppa kan være lågtlønte, einslege forsørgjarar, flyktningar og utviklingshemma. Den nye forskrifta opnar og for å kunne formidle startlån med opptil 50 års nedbetalingstid. Dette kan for eksempel være i høve der låntakaren har problem med å skaffe seg en eigna leigebustad, leige er klart dyrare enn lang nedbetalingstid, og låntakar har låg, stabil inntekt og stabil livssituasjon (Henta frå husbanken.no).

**Flyktningetenesta**
Kommunen har vore vertskommune for eit asylmottak med om lag 130 asylsøkjarar. Dette har stilt store krav til det kommunale tenestetilbodet, særleg på helse, undervisning og barnehage. Dette mottaket vart nedlagt frå og med 1. desember 2016.
Det blei vedteke i kommunestyret desember 2015 at Bygland kommune skal busette 10 flyktningar kvart år i perioden 2015 – 2019, 50 flyktningar innanfor ein periode på 5 år. Det vil seie at ein har mulegheit for ei fleksibel løysing på når ein skal busette.
Bygland kommune sidan 2014 busett 28 flyktningar, samt tre personar på AMOT – alternativ mottaksplassering.

Det er tilsett ein flyktningkonsulent i 60% (80) stilling. Flyktningkonsulenten sitt ansvarsområde er:

- Kontakt med IMDi: Ta mot førespurnad om busetting, svare på desse, søke om tilskot osv.
- Busetting og bu-rettleiing.
- Følgje opp flyktningane i forhold til politi, søknad om pass, adresse, bank – andre formelle ting.
- Introduksjonsprogram og programrettleiing (ikkje det faglege i introprogrammet – det blir fulgt opp av lærarane og ansvarlege for undervisninga).
- Språkpraksis og arbeidspraksis – i samarbeid med vaksenopplæring.
- Vere ein koordinator for flyktningarbeidet i kommunen, legge til rette for samarbeid og samhandling.

Vi har tankar og eit ynskje om å utarbeide eit undervisningsopplegg i økonomi for flyktningane slik at dei er rusta på best mogleg måte når det kjem til «kvardagsøkonomien» Dette er i gong, og alle flyktningar i Bygland kommune vil ha «kvardagsøkonomi» som ein del av deira introduksjonsprogram.

**Overordna mål for verksemda:**
- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske
- Målsettinga for sosiale tenester er heimla i sosialtenestelova og har som hovudmål å fremje økonomisk og sosial tryggleik, og betre levekåra for dei som er vanskelegstilte.
- Hovudmålsettinga for flyktningtenesta er å bistå flyktningar som kjem til kommunen med tilpassing til det norske samfunn og i samband med dette yte bistand til opplæring, bustad, økonomi og til å skaffe høveleg arbeid.

**Styringsmål:**

- Å etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av, individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukmelde

## Resultateining: Pleie og omsorg

**Omtale av eininga:**
Bygland kommune skal ha fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på pleie- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til pleie- og omsorgseininga er å yte tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester.

Det er 3 avdelingar i pleie- og omsorgseininga. Desse er:

- Avdeling Byglandsheimen
- Avdeling open omsorg
- Avdeling for habilitering («Habiliteringstenesta»)

**Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):**

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|---|---|---|---|
| **Resultateining 33 : Pleie og omsorg** | | | |
| **Netto** | **31 510** | **30 388** | **31 188** |

**Aktivitet:**

**Overordna**
Eininga har i løpet av dei seinare åra gjort store reduksjonar i driftskostnadane, og sett i samanheng med det aukande behovet for tenester i Bygland kommune, er det vanskeleg å sjå at det er mogleg å gjere ytterlegare reduksjonar utan at det går ut over tenestetilbodet. Eininga vil framleis ha fokus på utvikling og kostnadseffektivitet, men må fyrst og fremst overhalde lovmessige krav når det gjeld tenestebehov.

Eininga vil i 2017 arbeide målretta for å gjere naudsynte tilpassingar i eigen organisasjon og tenestetilboda. Målsettinga er å få på implementert ein proaktiv organisasjon som er best mogleg tilpassa framtida sitt behov for pleie- og omsorgstenester i ein liten kommune som Bygland. Det er framleis rom for å tilpasse tenestetilbodet og gjere det enda betre på nokre område. Dette vil innebere at 2017 også vil bli eit år med organisasjonsutvikling (OU) og utviklingsarbeid retta mot å forbetre tenestane innanfor den gjeldande ramma.

Kvalitet er eit sentralt omgrep i pleie- og omsorgstenesta, og i tillegg til å justere tenestetilbod og organisasjon, vil det i 2017 vere fokus retta mot å betre kvaliteten på alt arbeid vi gjer. Dette inneber at eininga vil utvikle arbeidsmåtar, metodikk, samhandling mellom avdelingar og kompetanse. I tillegg vil god kvalitetsstyring (internkontroll) vere viktig, både når det gjeld avvikshandtering og dokumentasjon av rutinar og prosedyrar.

«Compilo» er no implementert i eininga og blir bruka til dagleg, men kvalitetsarbeid er eit fortløpande arbeid som ein må ha fokus på heile tida.

Nattevaktsordninga i eininga har ansvaret for alle tryggleiksalarmer i kommunen.

Rekruttering av tilsette med rett kompetanse som ønskjer å bli i eininga er eit viktig satsingsområde, samt at

kompetanseheving av dei som allereie er tilsett vil bli prioritert i 2017. Eininga har eigne undervisningsfasilitetar som mogleggjer internopplæring på ein betre og meir effektiv måte enn tidlegare.

**Buformer**
Eininga disponerer ulike typar buformer for ulike behov hjå brukarar og pasientar. Desse er:

- Institusjonsplasser (langtidsplasser)
- Bufellesskap for eldre og demente
- Omsorgsbustadar for eldre
- Omsorgsbustadar for psykisk utviklingshemma
- Aldersbustadar for eldre

**Leiing, administrasjon og støttefunksjonar**
Leiinga består av tenesteleiar og 3 avdelingsleiarar, som kvar har ei delt stilling mellom leiing/administrativt arbeid og operativt arbeid på skift.

Administrasjonen (den merkantile støtta) er tilpassa behovet.

Når det gjeld støttefunksjonane vil vaskeritenesta bli kjøpt eksternt av Setpro i 2017. Dei øvrige støttefunksjonane (kjøkken og reinhald) er lagt til eiget budsjettområde.

**Avdeling Byglandsheimen**
Byglandsheimen er kommunen sin sjukeheim, og avdelinga har eige budsjettområde. Avdelinga har langtidsplassar for eldre og demente, korttids-/avlastningsplasser og bufellesskap for demente.

Avdelinga si bemanning i 2017 blir planlagt ut i frå inntil 14 langtidsplasser, 4 korttids-/avlastingsplasser og bufellesskap for demente på Byglandsheimen.

Avdelinga har eit utvida ansvar for rehabilitering av korttidspasientar, og aktivitøren blir difor overført til avdeling Byglandsheimen. Ansvaret for gjennomføring av tilbodet «open dag» for eldre og demente høyrer til avdeling Byglandsheimen.

Avdelinga sin turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning.

**Avdeling open omsorg**
Avdeling for open omsorg har ansvaret heimesjukepleie, praktisk bistand og utlån/utleige av ulike hjelpemiddel. Avdelinga har eigne budsjettområde. Avdelinga har ansvar for tilsyn med omsorgsbustadane og bufellesskap for eldre på Byglandsheimen.

I tillegg til dei lovpålagde tenestene, har ein matombringing til eldre og uføre, og velferdsteknologiske løysingar til utleige (blant anna tryggleiksalarmar og andre sensorar som kan koplast til dette systemet).

